

# Hjelmeland - Naturlegvis

**Kommuneplan 2011 - 2023**



**HOVUDDOKUMENT KAP 1 – 4 M/VEDLEGG**

## **SAMFUNNSDEL OG AREALDEL**

**Vedtatt Hjelmeland kommunestyre  
16.06.2011 sak 035/11 og 21.09.2011 sak 62/11**



## INNHALD

|                                                  |           |
|--------------------------------------------------|-----------|
| <b>PLANSKILDRING</b>                             | <b>10</b> |
| <b>1. PLANSKILDRING</b>                          | <b>12</b> |
| 1.1. KOMMUNEPLANEN SI OPPBYGGING                 | 12        |
| 1.2. SAMFUNNSDEL                                 | 13        |
| 1.3. AREALDEL                                    | 14        |
| <b>VISJON, OVERORDNA MÅL OG VERDIGRUNNLAG</b>    | <b>18</b> |
| <b>2. VISJON, OVERORDNA MÅL OG VERDIGRUNNLAG</b> | <b>20</b> |
| <b>SATSINGSOMRÅDE</b>                            | <b>22</b> |
| <b>3. SATSINGSOMRÅDE</b>                         | <b>24</b> |
| 3.1. BARN OG UNGE                                | 26        |
| 3.2. BUSSETJING                                  | 27        |
| 3.3. NÆRINGSUTVIKLING                            | 28        |
| 3.4. INFRASTRUKTUR OG KOMMUNIKASJON              | 29        |
| <b>KOMMUNAL UTVIKLING</b>                        | <b>30</b> |
| <b>4. KOMMUNAL UTVIKLING</b>                     | <b>32</b> |
| 4.1. OPPVEKST                                    | 33        |
| 4.2. OMSORG OG LEVEKÅR                           | 35        |
| 4.3. FOLKEHELSE                                  | 36        |
| 4.4. BÆREKRAFTIG UTVIKLING                       | 38        |
| 4.5. FLEIRKULTURELT SAMFUNN                      | 39        |
| 4.6. KULTUR OG KULTURMINNE                       | 40        |
| 4.7. TEKNISK                                     | 42        |
| 4.8. BEREDSKAP                                   | 43        |
| 4.9. LIKESTILLING OG DISKRIMINERING              | 44        |
| 4.10. INTERKOMMUNALT SAMARBEID                   | 45        |
| 4.11. KLIMA OG ENERGI                            | 46        |
| <b>AREAL</b>                                     | <b>48</b> |
| <b>5. AREAL</b>                                  | <b>50</b> |
| 5.1. GENERELL DEL                                | 50        |
| 5.2. BEBYGGELSE OG ANLEGG                        | 50        |
| 5.2.1. BUSTADER                                  | 52        |
| 5.2.2. FRITIDSBUSTADAR                           | 54        |
| 5.2.3. SENTRUMSFØRMÅL                            | 57        |
| 5.2.4. TENESTEYTING                              | 58        |
| 5.2.5. FRITIDS- OG TURISTFORMÅL                  | 59        |
| 5.2.6. RÅSTOFFUTVINNING                          | 60        |
| 5.2.7. NÆRINGSVERKSEMD                           | 61        |
| 5.2.8. IDRETTSANLEGG                             | 62        |
| 5.2.9. ANDRE TYPER BEBYGGELSE                    | 62        |
| 5.2.10. GRAV- OG URNELUND                        | 65        |
| 5.3. SAMFERDSELSANLEGG OG INFRASTRUKTUR          | 66        |
| 5.3.1. VEG                                       | 66        |
| 5.3.2. PARKERINGSPLASSAR                         | 66        |
| 5.4. GRØNTSTRUKTUR                               | 67        |

|                                                        |           |
|--------------------------------------------------------|-----------|
| 5.4.1. NATUROMRÅDE .....                               | 67        |
| 5.4.2. TURDRAG.....                                    | 67        |
| 5.4.3. FRIOMRÅDE .....                                 | 68        |
| 5.5. LNF - LANDBRUK, NATUR OG FRILUFTSOMRÅDE.....      | 69        |
| 5.5.1. SPREIDD BUSTAD I LNF .....                      | 70        |
| 5.5.2. SPREIDD FRITIDSBUSTADER I LNF .....             | 72        |
| 5.6. OMRÅDE FOR BRUK OG VERN AV SJØ OG VASSDRAG.....   | 73        |
| 5.6.1. FERDSEL.....                                    | 73        |
| 5.6.2. FARLEIER.....                                   | 73        |
| 5.6.3. SMÅBÅTHAMNER.....                               | 73        |
| 5.6.4. FISKE .....                                     | 74        |
| 5.6.5. AKVAKULTUR .....                                | 75        |
| 5.6.6. DRIKKEVATN .....                                | 76        |
| 5.6.7. NATUR- OG FRILUFTSOMRÅDE I SJØ/VASSDRAG .....   | 76        |
| 5.7. OMSYNSSENER .....                                 | 76        |
| 5.7.1. SIKRING OG FARESONER .....                      | 76        |
| 5.7.2. FRAMTIDIG INFRASTRUKTUR.....                    | 77        |
| 5.7.3. NATUR, FRILUFTSLIV, GRØNTSTRUKTUR .....         | 78        |
| 5.7.4. NYARE KULTURMINNE OG KULTURMILJØ.....           | 80        |
| 5.7.5. BANDLAGDE OMRÅDE .....                          | 82        |
| 5.7.6. GJELDANDE REGULERINGSPLANAR.....                | 83        |
| <b>VEDLEGG .....</b>                                   | <b>86</b> |
| VEDLEGG 1. OVERSIKT OVER KOMMUNAL INFRASTRUKTUR: ..... | 88        |
| VEDLEGG 2. INTERKOMMUNALT SAMARBEID .....              | 90        |
| VEDLEGG 3. PLAN FOR IDRETT OG FYSISK AKTIVITET .....   | 92        |

## Korleis er det å bu i Hjelmeland i år 2022?

Det svirrar nok mange forskjellige tankar oppi hovudet til folk, om korleis det vil bli å bu i Hjelmeland med tida. Men eg vil nok seie at mine tankar er dei mest realistiske.

Det vil bli ein by utan like! Namnet "Hjelmeland" kjem til å lyde kjent i kvar ein tosk sine øyrer. Kan du ikkje sjå det for deg? Hjelmeland – storbyen i Ryfylke. Ryfylkes hovudstad. Åh, det hadde vore noko det! Hjelmeland kjem til å være midtpunktet og møtestaden til alle her inne. Det kjem til å være forbindelse mellom alle "kontinenta" våre. Hjelmeland – Jøsneset, Hjelmeland – Ombo, Jøsneset – Ombo. Den vakre Hjelmelandsfjorden kjem til å vere dekkja av bruer på kryss og tvers. Det kjem til å rase med flotte EL- bilar over bruene, og fartsgrense. Kva er vell det?

Ja du hørte rett. EL- bilar. Folk her inne har virkelig forstått kva det vil seie å være miljøvennlig. Vår alles kjære ordførar Bjørn Laugaland, (nei, han har ikkje pensjonert seg enda) har brukt opp kommunen sine pengar på ein EL- bil til alle familiane i kommunen. Ja, eg forstår viss dykk syntes det virka som eit heilt sprøtt tiltak. Men ver no litt tolmodige. Bare vent til 2022 så får dykk vite kvifor det vil bli ei heilt fabelaktig gjennomføring.

Vormedalen som lenge har vorte omtalt som ei lita utanforståande småbygd, kjem til å sjå lyset! Den lenge etterlengta ferja som tidligare gjekk frå Tytlandsvik til Jøsenfjorden, vil bli erstatta med ei stor og flott bru! Treningssenteret i Jøsenfjorden kjem til å bli ein suksess ingen har sett maken til. Det kjem til å bli kjent i heile Noreg, og Jøsenfjorden kjem inn i miljøet igjen! Dei vil ikkje lenger vere dei sære folka frå enden av fjorden. Dykk har sikkert sett reklamer om forskjellige treningsstudie. For eksempel *SATS*, eller *ELIXIA*. No kjem *Gjil aktivitetssenter* til å lyde mykje meir kjent enn dei.

Sidan me først var på den sida av fjorden, kan me jo fortsett der. Trekket på Gullingen har lenge blitt kritisert på grunn av størrelsen. Ein heis, ja eg skjønar godt at dykk syns det er i det minste laget. Fram mot 2022 vil det bli utvida mykje. Ja ikkje bare litt, men slik at det blir på størrelse med trekket på Voss. Det hadde 11 heisar førre gong eg sjekka. Dykk har utruleg mykje å sjå fram til! For dei som virkelig har forstått seg på skisporten. Ja, altså langrennsløparane, har eg ein gledeleg overrasking til! Nokre stikkord er kunstsno og utviding. Og for folk som har problem med late foreldre som aldri "orkar" å kjøre, kan eg love dykk bussar, både titt og ofte opp til fjells. "Jaujau", nok om det.

Dykk sit sikkert bare å ventar på at eg skal ta opp det skremmande temaet, *Tysdalsstranda*. "Brrr", eg grøssar bare ved tanken. Eg hugsar enda kor skummelt eg syntes det var å kjøre der når eg var liten. Ja, sånn i barnehage/småskulealderen tenkjer eg på. Eg grua meg til kvar einaste bytur. Ja, ikkje misforstå. Eg elska å vere med mor, (den gåande pengetaska) på bytur. Men *før* byturen grua eg meg til å kjøre gjennom den fæle plassen. Og når me var komne fram begynte eg å grue meg til heimreisa, desto meir ho nærma seg. Eg hugsar godt kor redd eg var for å bli sitjande på den sia av bilen som vendte ned mot vatnet. Eg frykta

vell at eg skulle tippe utføre eller noko i den duren. Derfor var det alltid tryggast å sitje på den sida som vendte inn mot fjellveggen. Så, til alle levande vesen som er redde for å køyre der. Gled dykk til 2022, seier eg bare!

Men me går tilbake til kvifor Vormedalen skal få sjå lyset i 2022. Audun Laugaland, som alle med klar topp har høyrte om, kjem til å vende heim etter ein turbulent karriere. Etter å ha levd eit langt og travelt liv, har han innsett kva som er mest viktig når det gjeld skisporten. Start tidleg, og gå mest mulig! Derfor har han fått den fantastiske ideen om å byggje eit skigymnas i heimbygda si. Ja, ikkje bare ski. (Det heiter skigymnas fordi Audun ønska det.) Det skal vere eit idrettsgymnas for alle sportsidiotar. Fotballinje, handballinje, symjelinje, og mange fleire. Eg skal ikkje røpe alt for mykje, men det vil bli ein suksess. Det vil bli verkelegheit, og det vil bli storarta.

Eg går ut i frå at alle veit kvar Steinslandsvatnet er. Der skal det gå ei rundløype rundt, noko ala alle vatna i byen. Der kan alle morgonglade Hjelmelandsbuar ta seg ein forfriskande morgontur rundt. Snakke saman, kose seg, ete frukost på ein benk, under mistelteinen som heng så fint over dei.

Sidan Hjelmeland kjem til å bli ein storby, må vi jo ha ei stor klokke slik at ingen lurar på kva klokka er. Den kjem til å bli ståande på ein innlysande plass som sikkert alle allereie veit kvar er. Nemleg Hjelmen. Det er jo genialt! Ei klokke ala BIG BEN midt oppe på Hjelmen.

No har eg bare snakka om alle forandringane som vil skje med plassen. Og ikkje korleis menneska vil like seg her. Men hallo! Kven vil *ikkje* like seg her? Barn og unge får spesialisere seg i den idretten dei er mest glade i *utan* å forlate heimen så tidlig. Noko som sjølvsagt foreldra er sjeleglade for. Dei får endelig behalde gullklumpane sine tre år ekstra heime. Folk slepp å være nervøse for å kjøre forbi Tysdalsvatnet, me slepp å høyre på maset til folk frå Jøsneset og Ombo, om at det går for lite ferjer. Alle er miljøvennlige. Den friske lufta i Hjelmeland vil bli hakket friskare enn den allereie er. Alle får kvar sin bil. Folk i kommunen vår vil være så fornøgde som det overhodet er mulig å få dei. Åh, det er jo flott det!

Cecilie Randa Heggland  
Hjelmeland skule klasse 9  
28.01.10

# Hjelmeland - Naturlegvis

## Kommuneplan 2011 - 2023

Kommuneplan for Hjelmeland set opp mål og trekkjer opp hovudliner som kommunen skal styrast etter i tida framover. Kommuneplanen koordinerer all kommunal aktivitet.

Planen viser mål, strategiar og retningslinjer for utviklinga av Hjelmeland-samfunnet. Den skal vere ei felles plattform for Hjelmeland kommune som organisasjon, andre offentlege styresmakter, næringsliv, lag og foreningar og ikkje minst den einskilde innbyggjar.

Utvikling av kommunen krev samarbeid og handling. Hjelmeland kommune vil gjennom verksemda si, økonomiplan og årsbudsjett/handlingsprogram synleggjere kommunen sine konkrete handlingar og tiltak, men den einskilde samfunnsaktøren vil òg vera aktiv bidragsytar og medverka til at Hjelmeland skal bli ein kommune med eit aktivt engasjement i forhold til visjonen:

## Hjelmeland - Naturlegvis

Visjonen gjev uttrykk for eit ynske om eit positivt samspel mellom kommunen sine tilsette, innbyggjarane og naturen rundt oss. Me signaliserer òg at me ynskjer å bruka natur og naturressursane til helse, rekreasjon, og friluftsmål. Visjonen seier noko om våre næringsmessige satsingar, som i stor grad er bygt opp rundt bruk av dei gode naturressursane kommunen har. Det seier òg noko om å ta vare på dei landskapsmessige kvalitetane rundt oss. Me ynskjer òg at visjonen skal visa at Hjelmeland skal vera eit naturleg val for å bu, arbeida og besøka.

Kommuneplanen er resultat av ein omfattande demokratisk prosess, der me har fått innspel frå innbyggjarar og høyringsinstansar på dei fleste samfunnsområde. Skal me lukkast med å utvikle kommunen i ønskt retning er me avhengige av samspel. Me treng dialog med innbyggjarar, organisasjonar og næringsliv. Kommuneplanen skal leggje grunnlaget for eit nært samarbeid med frivillige aktørar/organisasjonar, næringslivet, private og offentlege institusjonar, nabokommunar og regionen for øvrig.

Me håper kommuneplanen skal bli ein aktiv følgesvenn og rettesnor, og inviterer til samarbeid for utvikling av Hjelmeland-samfunnet.

**Bjørn Laugaland**  
Ordfører



**Børje Alander**  
Rådmann







## Innleiing

Kommunane skal utføra ei løpande kommuneplanlegging med sikte på å samordna den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga innanfor områda sine.

Kommuneplanen er den overordna og langsiktige planen i kommunen sitt plansystem, som skal sjå kommunen sine oppgåver og ansvarsområde i samanheng. Den skal gje føringar for kor kommunen skal setja inn ressursar i form av arbeidskraft og økonomi, kva for nokre tenester kommunen skal tilby innbyggjarane og nivået på desse tenestene. Den skal vidare visa bruk og vern av areal.

Kommuneplanen skal vera ein reiskap for dei folkevalde, som skal gje grunnlag for styring av utviklinga over eit lengre tidsperspektiv. Den skal fastleggja rammer for detaljplanlegginga og for enkeltvedtak.

Kommuneplanen skal gje innbyggjarar, næringsliv og organisasjonar høve for medverknad i kommunen sine prioriteringar og dermed høve til å påverka utviklinga i kommunen.

Den langsiktige delen av kommuneplanen inneheld:

Samfunnsdel - inneheld verdier, visjon og mål for kommune si verksemd. I tillegg blir det fokusert på satsingsområde og utfordringar, samt dei strategiane som skal til for å nå dei måla ein ynskjer å oppnå i perioden.

Arealdelen - i kart og tekst - synleggjer forvaltning og utvikling av areal og andre naturressursar i kommunen. Arealdelen skal byggja vidare på, avspegle og leggja til rette for at me skal kunne oppfylle dei måla og strategiane som samfunnsdelen legg opp til.

Den kortsiktige delen omfattar: Samordna handlingsprogram og økonomiplan for arbeidet til kommunen kommande år og for dei næraste 4 åra.

Kommuneplanen utarbeidast i samsvar med dei føringane som ny plan-og bygningslova set til prosess og medverknad. Gjennom kommuneplanarbeidet har ein engasjerte politikarar, lag og organisasjonar, offentlege styresmakter, lokalbefolkninga og andre aktørar, bl.a. gjennom:

- ✚ Temamøter
- ✚ Opplæring ny plan- og bygningslov
- ✚ Møter med næringsliv
- ✚ Møter med landbruksorganisasjonar
- ✚ Møter med overordna sektormyndigheiter
- ✚ Informasjonsmøter / grendamøter
- ✚ Høyring/samrådsmøte med aktuelle interessentar
- ✚ Kunngjering i media
- ✚ Informasjon gjennom kommunen si heimeside
- ✚ Møter med ungdom
- ✚ Bruk av Facebook
- ✚ Møte med rusførebyggjande fora
- ✚ Engasjere skulen
- ✚ Etablere arbeidsgrupper innan satsingsområda i kommuneplan, med representantar frå, politikk, næringsliv, bondeorganisasjonar, ungdomsråd, bygdaråd, frivillig sektor og kommunal administrasjon
- ✚ Etablere faggrupper innan forskjellige kommunale sektorar og ansvarsområde
- ✚ Politisk behandling





# 1

## Planskildring

*Livet er det som skjer mens  
du planlegger noe annet.*

John Lennon



# 1. Planskildring

Hjelmeland kommune ynskjer gjennom kommuneplanen å leggje grunnlaget for eit berekraftig samfunn. Planen har ein tidshorisont fram til 2023.

## 1.1. Kommuneplanen si oppbygging

Planprogrammet utgjer fyrste del av kommuneplanarbeidet. Planprogrammet har bla. Som formål å avklare rammar og premissar for kommuneplanarbeidet.

Kommunen har etter beste evne prøvt å ta inn over seg det meste at pålegg, lover, forskrifter, planar etc. som overordna styresmakter gir.

Kommuneplanen er delt inn i ein langsiktig og ein kortsiktig del

Den langsiktige delen innehelte:

- Samfunnsdel - inneheltar verdiar, visjon og mål for kommune si verksemd. I tillegg blir det fokusert på satsingsområde og utfordringar, samt dei strategiane som skal til for å nå dei måla ein ynskjer å oppnå i perioden.
- Arealdelen - i kart og tekst - synleggjer forvaltning og utvikling av areal og andre naturressursar i kommunen. Arealdelen skal byggja vidare på, avspegle og leggja til rette for at me skal kunne oppfylle dei måla og strategiane som samfunnsdelen legg opp til.

Den kortsiktige delen omfattar:

- Samordna handlingsprogram og økonomiplan for arbeidet til kommunen kommande år og for dei næraste 4 åra.

Slik kommuneplanen er oppbygd inneber det at dokumentet Hjelmeland - Naturlegvis, kommuneplan 2011 - 2023 er den langsiktige delen av kommuneplanen. Planen er bygd opp omkring ein visjon, med overordna målsettingar. Kvart kapittel har og tilhøyrande delmål. Delmåla er utdjupa gjennom strategiar som skal føre til at me skal kunne nå måla.

Det blir utarbeidt årlege eit dokument med tittelen

- Handlingsprogram og økonomiplan 2011 - 2014, Budsjett 2011

Handlingsprogram (HP) og økonomiplan er ein del av planhierarkiet som utgjer kommuneplan. Det er i nemnde dokument dei til ei kvar tid vedtekne tiltak er satt opp.

## 1.2 SAMFUNNSDEL

Planforslaget er bygt opp omkring ei generell innleiing, utfordringar og hovudmålsetjing knytt til kvart kapittel og tilhøyrande delmål (Detter ynskjer me å få til). Delmåla er utdjupa gjennom strategiar (Slik gjer me det) som skal føre til at me skal kunne nå måla.

Samfunnsdelen sitt kapittel 1 omhandlar visjonar, overordna mål og verdigrunnlag. Kapittel 2 tek for seg kommunen sine satsingsområde i dei neste åra, mens kapittel 3 tek for seg mange av dei andre kommunale ansvarsområda.

Kommuneplanen erstattar i stor grad ei rekkje av dei gamle sektorplanane. Det gjer også at ein del av innhaldet i dei gamle sektorplanane no er innarbeidd som lokale retningslinjer eller handlingsdokument på dei spesifikke områda sine.

Planen tilstreber at kommunen sin innsats skal skape målbare resultat for innbyggjarane våre, anten det gjeld gode skuleresultat eller omsorgstilbod tilpassa det enkelte sine behov. Respekt for den einskilde innbyggjaren ligg til grunn for all verksemda vår. Samtidig møter kommunen moglegheiter og utfordringar på mange felt. Foresetnaden for ei god utvikling er at næringslivet vårt lukkast. Skal dei kunne få dei beste medarbeidarane så må kommunen vere attraktiv og infrastrukturen vår må vere konkurransedyktig nasjonalt og internasjonalt. Omsynet til framtidige generasjonar gjer at vi må ha fokus på ei berekraftig utvikling og dei klimautfordringa som gjer seg stadig sterkare gjeldande. Samfunnstryggleik må ivaretakas når stadig nye område må takast i bruk og me må førebu oss på klimatiske forhold som blir meir utfordrande. Kommunen må også leggje til rette for at alle grupper av befolkninga har moglegheit for å delta i samfunnslivet. Dette blir gjort bla med ei vidareføring av satsing på kultur og på folkehelse, samtidig som me har eit sterkt fokus på universell utforming.

Hjelmeland kommune ynskjer å sjå nærare på nokre område som er gjenstand for ein særleg fokus og som er viktig i forhold til å nå dit me ynskjer i planperioden.

### Barn og unge

Her ynskjer me bl.a. å betre forhold knytt til barn og unge sine oppvekstvilkår, trivsel, deltaking, fysisk aktivitet og rusførebygging.

### Busetjing

Me arbeider for at det skal vere godt å leve og bu i kommunen, samt at me vil leggje til rette for at me skal få ei styrking av folketalet, bla. gjennom betre infrastruktur og kommunikasjonstilbod.

### Næringsutvikling

Me ynskjer å sikre og utvikle eit sterkt og variert næringsliv, bla. gjennom ei best mogeleg kommunal tilrettelegging.

### Infrastruktur og kommunikasjon

Her blir det arbeidd for å nå målet om *"Ferjefri og sikker Ryfylkeveg, tenleg kollektivtilbod og god og trygg infrastruktur med tilfredstillande dekning, kvalitet og kapasitet."* Det viktigaste her er å få ein så rask og sikker riksveg mellom Stavanger og Rødal som mogeleg, med realiseringar av ferjefrie fjordkryssingar som punkt nr.1.

Under arbeidet med strategiar og tema har det vore ei brei medverknad.

For å tilretteleggje for medverknad frå befolkning og næringsliv blei det gjennomførde folkemøte, temamøte og arbeidsgrupper innanfor dei einskilde områda.

### 1.3. AREALDEL

Gjeldande kommuneplan-Arealdelen blei vedtatt i 2006, og blir nå i sin heilskap erstatta av ny plan.

Arealdelen dekkjer heile kommunen sitt areal: land og sjø.

#### Gjeldande reguleringsplanar.

Viktig å vite at det er **131 gjeldande reguleringsplanar** i kommunen; dvs detaljerte planar for mindre område. I kommuneplankartet er dei regulerte områda vist med eigen skravur (omsynssone jf pbl § 11-8), og i tekstdelen er desse lista opp. Td. så er omtrent alle hytte- og bustadfelt alt regulerte, og i desse områda er det reguleringsføresegnene for den enkelte reguleringsplan som gjeld.

Kommuneplanen styrer all framtidig utbygging, og for alle område som er lagt ut som framtidige byggeområde er det reguleringsplankrav.

#### Grunnlag for arealdelen

**Planprogrammet** vedtatt 06.10.2009 med 11 føringar for arealforvaltning/vurdering av innspel. Ca 100 **innspel** til 1.gongsbehandling (vår2010) og ca 85 **merknader** (haust2010) i første høyringsrunde. **Konsekvensutgreiing** og **ROS-analyse** til alle innspel.

**Vurdering av 2006-planen:** alle byggeområde i gjeldande plan (2006-plan) blei vurdert av rådmannen til 1.gongsbehandling. Ein tilrådde å ta ut mange urealiserte område som var i strid med føringane, for på den måten å gi rom for fleire nye innspel. Kommunestyret vedtok til 1.gongsbehandling å behalde alle byggeområde i 2006-planen+ mange nye. Desse er vurderte på nytt til ny 1.gongsbehandling, og fleire av byggeområda frå 2006-planen er nå tatt ut.

#### Plankart og føresegner/retningslinjer

Plankart og tekstdelen kap 4 utgjer til saman arealdelen. Framtidig arealbruk går fram av plankartet med tilhøyrande føresegner og retningslinjer. Fargebruken i plankartet er endra etter ny plan-og bygningslov, og det er òg nytta omsynssoner i plankartet (vist med skravur)

**Plankartet** viser bruk og vern av alt areal i kommunen. Plankartet viser kor og korleis areala skal disponerast, og er utarbeidd i tråd med plan-og bygningslova 2008

**Føresegner:** er juridisk bindande saman med plankartet, og gir meir detaljerte føringar for påfølgjande detaljplanlegging. Skrive i grå tekstboksar med §-teikn.

**Retningslinjer:** er rettleiande for kommunen si sakshandsaming. Skrive inn med vanleg tekst i tekstdelen, og er òg innarbeidd i tabellane.

#### Viktigaste prinsipp i arealdelen:

Arealdelen byggjer vidare på viktige prinsipp frå 2006-planen, samtidig som det er ”rydda” mykje i forhold til førre plan. Det ligg totalt inne 98 framtidige byggeområde (tatt ut 32 byggeområde og 5 LNF-spreidd bustad sidan 1.høyringsutkast, haust 2010). Byggeområda gir rom for vekst og utvikling i busetnaden, hyttelivet og sentrumsutviklinga – noko som igjen er med på vidareutvikle den lokale handels- og servicenæringa.

#### Bustadbygging – felt i tettstadar og spreidd i grendene

I stor grad har ein fulgt dette prinsippet, og i planen er det tilrettelagd for framtidig bustadbygging i alle grender i kommunen då det er viktig å oppretthalde ein desentralisert busetnadstruktur i kommunen. Målet er både bygdeutvikling og sentrumsutvikling.

Det ligg inne 17 framtidige bustadfelt, med til saman omkring **250 bustadtomter/bueiningar** (derav ca 120 bueiningar allereie under regulering på Hjelmeland og Fister) Det ligg elles inne 31 område for LNF-spreidd bustadbygging, med til saman rom for ca **75 bustadtomter**. Viktig er det òg å vite at det er **90-100 regulerte bustadtomter** i gjeldande reguleringsplanar som i prinsippet er byggeklare. Totalt i kommunen er det dermed tilrettelagd for **over 400 nye bustadtomter**, noko som med dagens utbyggingstakt held for nesten 20 år.

## Hyttebygging – felt med høg standard

Tida for spreidd hyttebygging er omtrent forbi i Hjelmeland. Framtidig hyttebygging skal primært skje i tette felt, med krav om reguleringsplan og full infrastruktur (V/V/A). Sjønære felt er mest attraktive, og eit viktig prinsipp i planen er kopling mellom båthamn og hyttefelt. Dette prinsippet er vidareført frå førre kommuneplan. Føringane ”fortetting framfor opning av nye felt”, ”ingen nye felt i 100m-beltet”, ”fokus på fellesanlegg og almenne omsyn” vore viktige kriteria for prioritering av nye felt i planperioden.

I planen ligg det inne 26 framtidige hyttefelt med til saman rom for **ca 330 nye hytter**, i tillegg til dei ca **270** som alt er regulerte og ”byggeklare”. Totalt i kommunen er det dermed tilrettelagd for over **600 hyttetomter**, som med dagens utbyggingstakt vil halde for nesten 20 år.

## Utvikling av dei 4 viktigaste næringane

Dei fire viktigaste næringane er arealkrevjande på kvar sine ulike måtar, og kan til dels vere i konflikt med kvarandre. Slik er næringane ivaretekne i arealdelen:

**1. Havbruk:** det er ikkje gjort store endringar i forhold til havbruk, dette først og fremst fordi næringa sjølv ikkje har kome med omfattande innspel. Av endringar kan nemnast:

- utviding av industriområdet Hundsnes; hovudbase for heile oppdrettsnæringa i distriktet, fylling ut i sjø.
- utviding av fire oppdrettslokalitetar i sjø: Vindsvik, Bastlid, Kjeahola og Langavika.
- nytt akvakulturområde i ferskvatn: Øvre Tysdalsvatnet.

**2. Råstoffutvinning:** ei svært viktig og tradisjonsrik næring i kommunen. For kommunen er Nedre Valheim i Årdal det største og viktigaste feltet. Kommunestyret gir sterke signal om at denne lokaliteten må inn i arealdelen. Likevel har kommunestyret vald å ikkje ta den med i denne omgang, pga varsel om motsegn kulturminne. Men kommunen vil vere aktiv aktør for å få lokaliteten avklart i Regionalplan for Byggeråstoff som Rogaland Fylkeskommune har under utarbeiding. Elles er det ikkje gjort store endringar i råstoffutvinningsområda. På lausmasser er det ikkje lagt inn nokon nye, men på steinbrot er Mjølhus, Hjelmeland ein ny lokalitet for steinuttak.

**3. Landbruk:** Hjelmeland er ein viktig landbrukskommune. Kommunen har gjort eit bevisst val om å ikkje leggje inn omsynssone ”kjerneområde landbruk” – dette for å understreke at alt landbruk i Hjelmeland er viktig: både storskala og småskala. Stort sett har omsynet til dyrka mark og landbruksnæringa vore tunge argument mot mange innspel om nye utbyggingsområde. Kun i sentrumsområda Hjelmeland og Fister har ein akseptert bustadbygging på landbruksjord, dette som ein del av busetnadstrategien.

**4. Turisme/reiseliv:** Tradisjonell hyttebygging er ein del av denne næringa, og kommunen har som mål å framstå som ein attraktiv hyttekommune. Det er difor lagt inn nesten 30 framtidige hyttefelt i tillegg til 12 felt for fritids-og turistformål (utleigehytter, camping og liknande). Alle felt har krav om reguleringsplan.

Elles er det i kommuneplanen lagt inn **11 nye industri/næringsområde** der det kan etablerast ulike former for lettindustri

## Sentrumsutvikling

Hjelmeland kommune er ein distriktskommune med små bygder; der Hjelmeland sentrum er den viktigaste både i forhold til tenestetilbod og handel. Det er lagt inn to utvidingsretningar av Sande-området i Hjelmeland, mot aust og mot sør.

## Samferdsel- og infrastruktur.

Veg- og ferjetilbodet i kommunen er av stor avgjerd for framtidig utvikling av lokalsamfunnet. Hjelmeland kommune er pådrivar for betre stamvegstandard og fjordkryssingsalternativ. Mykje av dette vil bli endeleg



avklart i eigen kommunedelplan, men for kommunen er det viktig å ”stake ut kursen”, og har difor lagt inn fleire strekningsvise endringar av RV13 samt ferjefri kryssing av Jøsenfjorden (Jøsenfast) som omsynssone infrastruktur.

### **Grøne verdiar og friluftsliv**

Hjelmeland kommune er ein ”stor” kommune når det gjeld vern av natur og landskap. Ca ¼ av kommunen er alt verna gjennom landskapsvernområda i høgheia. Ein har òg i ny kommuneplan tatt omsyn til grønne verdiar; og har m.a. lagt inn 46 nasjonalt viktige naturområde som ”omsynssone natur” og 15 område som ”omsynssone friluftsliv”.

### **Strandsona - 100 m beltet langs sjø**

Hjelmeland kommune har svært lang kystlinje: ca 20 mil. Ein har utarbeidd strandsoneanalyse: over halvparten er bratt og utilgjengeleg t.d. langs dei lengste fjordane, og mykje er òg bebygd og privatisert (t.d. v/tettstadane Hjelmeland og Fister). Likevel: grovt sett er ca 35 % tilgjengeleg strandlinje. Mesteparten av desse 35 % ligg likevel fragmentert, stykkevis og delt. Det er få store, samanhengjande og samstundes attraktive/tilgjengelege strandsoneareal igjen. Strandsona er ein viktig verdi å ivareta, og gjennom kommuneplanen er ikkje omsynet til strandsonene svekka – planen legg ikkje opp til ytterlegare fragmentering. Planen er svært restriktiv til nye byggeområde i 100-m-beltet, og der ein gir rom for det er der det er utbygging/inngrep frå før. Ein har òg vidareført kravet om fellesanlegg framfor enkeltvise tiltak.



# 2

## Visjon, overordna mål og verdigrunnlag

### Hjelmeland

Høyr og lytt  
Kom og sjå

Vi er ikkje sur  
Så kom på tur

Vi badar i sjøen  
Det er godt og varmt

Vi hoppar og dansar i lette sko  
Vaksne soler og latar seg

Så kom og sjå  
Høyr og lytt  
Kom og sjå

Alle er velkomne  
Vi har verdens beste kommune og stad å bu i!!!!!!

---

Av Tania



## 2. Visjon, overordna mål og verdigrunnlag

### Visjon:

Hjelmeland – **Natur**legvis

Visjonen gjev uttrykk for eit ynske om eit positivt samspel mellom kommunen sine tilsette, innbyggjarane og naturen rundt oss. Me signaliserer òg at me ynskjer å bruka natur og naturressursane til helse, rekreasjon, og friluftsmål. Visjonen seier noko om vår næringsmessige satsing, som i stor grad er bygt opp rundt bruk av dei gode naturressursane kommunen har. Det seier også noko om å ta vare på dei landskapsmessige kvalitetane rundt oss. Me ynskjer òg at visjonen skal visa at Hjelmeland skal vera eit naturleg val for å bu, arbeida og besøkja.

### Overordna mål:

Hjelmeland kommune skal vere

- ✚ Berekraftig og nyskapande samfunn som er attraktivt for næringsliv, befolkning, arbeidskraft og eksterne samarbeidspartar.
- ✚ Samfunn som med si eigenart skaper vekstkraft, mangfald og kulturrikdom
- ✚ Prega av kreativt engasjement, deltaking og inkluderande folkestyre
- ✚ Innbyggjarfokusert og kvalitetsmedviten.

### Verdigrunnlag og leiarfilosofi:

For å oppnå dei overordna måla, ynskjer kommunen å bygge tillit og truverd gjennom: **Respekt, omsorg, likeverd, lojalitet, ærlegheit, romslegheit og etikk.**

Kommunen arbeider etter vedtekne "Organisasjonsverdiar for tilsette i Hjelmeland kommune". Det er og vedtatt "Ethiske retningslinjer for folkevalde og tilsette i Hjelmeland kommune"





# 3

## Satsingsområde

### Sommar

Sommar er bra  
Vi kan bade  
Vi kan sole oss på stranda  
Vi kan ha piknik  
Vi kan sykle  
Vi kan skate med fingerskateboard ute  
Vi kan gå tur  
SOMMAR ER BRA!

Av Sebastian

---






### 3. Satsingsområde

Hjelmeland kommune ynskjer å sjå nærare på nokre område som er gjenstand for eit særleg fokus og som er viktig i forhold til å nå dit me ynskjer i planperioden.

Satsingsområda vil gje seg utslag i dei strategiane som skal nyttast for best å kunne nå dei måla som blir fastsetja innanfor kvart av satsingsområda. Dei satsingsområda som blir nedfelte i kommuneplanen vil òg kunne lesast igjen i forhold til dei prioriteringane som blir gjorde i arealsamheng, og i økonomi- og handlingsplanar.

Kommunestyret har gjort vedtak om at følgjande tema skal ha særleg fokus ved rullering av kommuneplanen:



Som berande element i forhold til satsingsområda er natur sett i ei særstilling. Det meinast ikkje her at ein berre skal satsa på natur og naturgrunnlaget vårt, men at dette er noko som grip sterkt inn i alle satsingsområda. Naturen er basis for Hjelmeland-samfunnet; både i forhold til næringsutvikling, landskaps- og stadutvikling og i forhold til verdigrunnlag, livsutfalding og livskvalitet. Natur har og stor betydning for kultur og kulturaktivitet i kommunen.



### 3.1. Barn og Unge

Det er viktig at barn og unge i Hjelmeland kommune skal vere sikra gode kommunale tenester med basis i eit godt helsetilbod og eit barnehage- SFO- og skuletilbod som er tilpassa den enkeltes evner, behov og føresetnadar. Med barn og unge meinast i denne samanhengen unge opp til 18 år.

Kommunen har eit godt utbygt organisasjonsliv. Samarbeidet med ideelle og frivillige organisasjonar er avgjerande for å sikre gode levekår og god livskvalitet for barn og unge. Dei skal ha ein trygg kvardag i Hjelmeland kommune. Kultur- og fritidstilboda må treffe så mange som mogeleg og det må derfor arbeidast for at tilboda heile tida skal bli betre.

#### Utfordringar

- ✚ Å sikre eit mangfald av fritidstilbod, som når alle, men med hovudfokus på aldersgruppa 13 – 18 år
- ✚ Å utvikle god kvalitet på tilboda, og sørge for at me har godt kvalifiserte medarbeidarar i barnehagar, skular og SFO
- ✚ Å få til gode transport-/kommunikasjonstilbod for ungdom



#### Mål

*"Barn og unge skal ha eit trygt og godt oppvekstmiljø, samt gode og varierte fritidstilbod."*

#### Dette ynskjer me å få til:

- 3.1.1. **Fysisk aktivitet:** Sikra at alle barn og unge er i fysisk aktivitet
- 3.1.2. **Fritidstilbod:** Styrke fritidstilboda i kommunen
- 3.1.3. **Rus:** Styrke rusførebyggjande ungdomstilbod kveldar og helgar
- 3.1.4. **Deltaking:** Ungdom skal vera aktivt med å påverka og forma egne fritidstilbod og transporttilbod i Hjelmeland kommune
- 3.1.5. **Oppvekst:** Forbetre kvaliteten på barnehage-, SFO- og skuletilbodet i kommunen
- 3.1.6. **Oppvekst:** Sterkare samordning av ressursar i oppvekstersektoren.
- 3.1.7. **Kollektivtilbod:** Oppretthalde eit bra kollektivtilbod, spesielt laurdag og søndag til, frå og i kommunen.

#### Slik gjer me det:

- ☐ Det skal vera enkelt å leiga idrettshall og andre lokaler i Hjelmeland kommune
- ☐ Det skal vera enkelt å vita kor ein kan søka midlar til aktivitetar
- ☐ Det skal leggjast til rette for eit aktivt rusførebyggjande forum
- ☐ Styrke marknadsføring av aktivitetar og fritidstilbod
- ☐ Styrke kulturseksjonen for å gi større breidde og innhald i ulike fritidsaktivitetar.
- ☐ Ungdom skal ha arenaer der dei kan komma med innspel
- ☐ Styrke kompetanseteam ved mottak av framandspråklege elevar i barnehage, SFO og skule
- ☐ Sikre full barnehagedekning i begge inntaksområda.
- ☐ Betre og meir tilrettelagt tilbod i barnehage, SFO og skule
- ☐ Etablere stimulerande og godt vedlikehaldne uteområde.
- ☐ Sikre at barn og unge kan ferdast trygt i trafikken. (Jfr årlege rulleringar av Plan for trafikktryggleik)
- ☐ Styrka kontakt med dei videregående skulane i Ryfylke, der ungdommane våre er elevar
- ☐ Utgreie framtidig struktur for oppvekstsektoren.

### 3.2. Busetjing

Me skal ta vare på og vidareutvikle eksisterande bumiljø med gode sosiale nettverk og godt utbygde sosiale og kulturelle servicetilbod i lokalmiljøet.

Hjelmeland må vere så attraktiv at dei som bur her framleis ynskjer å bu her, og at nye personar vel å flytte til oss. Me ynskjer òg at folk skal bu i heile kommunen.

Kommunen ser det også viktig å ta høgde for ei større befolkningsutvikling som ein konsekvens av nye og forbetra kommunikasjoner til Ryfylke gjennom realisering av Ryfast.

#### Utfordringar

- ✚ Styrke kommunesenteret og dei to delsentraene med eit breiast mogleg service-, kultur- og fritidstilbod for dermed å styrke grendene
- ✚ Tilby eit breitt utval av attraktive buområde i heile kommunen, med særskilt fokus på sentrumsområda Hjelmeland, Fister og Årdal
- ✚ Stimulere til inkluderande haldningar og felles identitet.
- ✚ Utnytte dei store moglegheitene for bustad- og fritidsbustadutvikling som følgje av nye kommunikasjonsløysingar for RV 13 (Ryfast).

#### Mål

*Det skal vera attraktivt å bu og busetja seg i Hjelmeland*

#### Dette ynskjer me å få til:

- 3.2.1. **Aktivitetstilbod:** Til ei kvar tid ha eitt breitt og variert service- kultur og fritidstilbod.
- 3.2.2. **Buområde:** Kommunen skal til ei kvar tid ha attraktive buområder, med rimelege og byggeklare bustadtomter klar i Hjelmeland, Fister og Årdal.
- 3.2.3. **Identitetsskaping:** Styrke felles Hjelmeland-identitet og samhald.
- 3.2.4. **Bustadpolitikk:** Legge til rette for at flest mogeleg skal kunne bu i eigen bustad

#### Slik gjer me det:

- 📌 Oppretthalde og vidareutvikle idrett- og fritidstilbod i Hjelmeland.
- 📌 Kommunen skal vera ein aktiv tilretteleggjar og utviklar av gode buområde, med kommunale bustadtomter.
- 📌 Tillate kombinasjon av forretning/kontor og bustad i Hjelmeland sentrum
- 📌 Leggje til rette for bustadbygging i felt i sentrumsområda Hjelmeland, Årdal og Fister.
- 📌 Leggje til rette for avgrensa bustadbygging i grendene i kommunen.
- 📌 Hjelmeland kommune skal nytte dei moglegheitene Ryfast gir for auka busetjing.
- 📌 Nye bustader skal primært ikkje lokaliserast på dyrka mark, i så fall kun i sentrumsområda.
- 📌 Stimulere til fleire store fellesarrangement som samlar folk på tvers av grender.
- 📌 Auke rammetilskota til frivillige lag og bygdaråda.
- 📌 Hjelmeland kommune ynskjer å styre sentrumsutviklinga gjennom sterkare satsing på bustadbygging i området langs Burmaveien, nord i Hjelmeland tettstad.
- 📌 Utarbeide bustadpolitiske verkty, med særleg fokus på bustadsosial planlegging og utvikling.



Amber 1 kl Jøsneset skule

### 3.3. Næringsutvikling

I kommunen er det eit godt og variert næringsliv. Kommuneplanen skal leggje til rette for utvikling og vekst, for å tryggje eksisterande arbeidsplassar og for at det kan skapast nye.

#### Utfordringar

- ✚ Å sikre at me til einkvar tid har gode og attraktive næringsareal tilgjengeleg.
- ✚ Å sikre at me har god råstofftilgang og at ein aukar lokal foredling.
- ✚ Å oppdatere, rekruttere og behalde personar med rett kompetanse.
- ✚ Å ha ei livskraftig og sterk landbruksnæring
- ✚ Å kunne tilby gode tenester til innbyggjarane, hyttefolk og næringsliv.
- ✚ Å sikra gode vilkår og sameksistens mellom næringar med ulike interesseområde
- ✚ Å utnytte vekstpotensialet for fritidsbustader når den store marknaden på nordjæren opnar seg meir gjennom realiseringa av Ryfast.



#### Mål

*Hjelmeland kommune skal ha eit sterkt og variert næringsliv med gode utviklingsmoglegheiter.*

#### Dette ynskjer me å få til:

- 3.3.1. Hjelmeland skal vera ein attraktiv hyttekommune på Sør-vestlandet
- 3.3.2. Ei sterk og berekraftig havbruksnæring med auka lokal produksjon og foredling
- 3.3.3. Det skal til ei kvar tid vera ledig næringsareal i kommunen, også sentrumsnært. Hundsnes-området skal vere framtidig satsingsområde for havbruksindustrien.
- 3.3.4. Auka nydyrking – og ta vare på dei produktive landbruksareala
- 3.3.5. Gjera byggjeråstoff-ressursane tilgjengelege.
- 3.3.6. Auka sysselsetjing og verdiskaping innan handel og servicenæringane
- 3.3.7. Det skal vera enkelt å etablere næringsverksemd i Hjelmeland.
- 3.3.8. Hjelmeland skal vera ein kjend reiselivsdestinasjon.
- 3.3.9. Utnytta muleghetene som Nasjonal Turistveg gir
- 3.3.10. Auka lønnsemd, konkurransekraft og verdiskaping i landbruksnæringa
- 3.3.11. Styrke landbruket og produksjonen med å oppretthalde produksjonsarealet, flest mogeleg gardsbruk og produksjonsmiljø.

#### Slik gjer me det:

- ✚ Styrka samhandling mellom forvaltning og næringsliv
- ✚ Gi gode rammevilkår for handels- og servicenæringane i kommunesentra
- ✚ Syta for regulering av nærings- og forretningsområde, og leggja til rette for infrastruktur
- ✚ Oppretthalda eit utviklingsapparat lokalt
- ✚ Arbeida for auka grunneigarsamarbeid i samband med utbygging av større hyttefelt
- ✚ Leggja til rette for hytteutbygging i fleire ulike område (både fjord og fjell)
- ✚ Nytte dei overordna strategiar for "Landbruksbasert næringsutvikling i Rogaland" og utarbeide lokale strategi/handlingsplanar.
- ✚ Ta omsyn til målet om flest mogeleg aktive gardsbruk i deling og konsesjonssaker.
- ✚ Hjelmeland kommune skal nytte dei moglegheitene Ryfast gir for auka i fritidstrafikk og fritidsbustader.
- ✚ Styrke stein-/sandindustrien i kommunen ved tilrettelegging av nye område for råstoffutvinning.

### 3.4. Infrastruktur og kommunikasjon

Utvikling av gode løysingar innan kommunikasjon og samferdsle med eit godt vegnett og gode digitale løysningar er viktige føresetnader for oppretthalding og styrking av busetnad, sysselsetjing og næringsutvikling i distrikta.

For Hjelmeland er det viktig å arbeida aktivt for eit best mogleg tilbod på transport- og kommunikasjonssektoren, det vera seg sjøvegs og landvegs.

#### Utfordringar

- ✚ Å få rusta opp stamvegnettet (RV 13) gjennom kommunen, med tanke på standard, redusert reisetid, tryggleik for mjuke og harde trafikkantar, ferjetilbod og framtidige ferjefrie fjordkryssningar.
- ✚ Å få betre kvalitet, tryggleik og standard på vegnettet i kommunen.
- ✚ Å få full dekning og god kvalitet på mobil-, breibandsnettet og post i kommunen.
- ✚ Å få på plass eit transport- og kollektivtilbod (buss/båt) i, og til/frå, kommunen, som er så godt utbygt til at det er eit reelt alternativ til privat transport, inklusiv dagleg arbeidspendling til/frå Hjelmeland.
- ✚ Å sikre at me har god kvalitet og kapasitet på straumlinjettet.



Celine 2 kl Jøsneset skule

#### Mål

*Ferjefri og sikker ryfylkeveg, tenleg kollektivtilbod og god og trygg infrastruktur med tilfredstillande dekning, kvalitet og kapasitet.*

#### Dette ynskjer me å få til:

- 3.4.1. RV 13: Rask og sikker veg mellom Røddal og Stavanger
- 3.4.2. Kollektivtrafikken: God og regelmessig kommunikasjon til, frå og i kommunen, med buss og båt.
- 3.4.3. Infrastruktur: Minimum like god mobil- og breibandsdekning som Stavanger
- 3.4.4. God kapasitet og sikkerheit på straumnettet.

#### Slik gjer me det:

- 📌 Arbeida for ein kortare og utbetra R-13 gjennom Ryfylke, ferjefrie fjordkryssing ved Ryfast og Jøsenfast snarast råd.
- 📌 Arbeide for hyppigare ferjetilbod fram til ferjefrie kryssingar er realisert. Ikkje meir enn 1 time mellom avgangar, heller ikkje på kveldstid.
- 📌 Være pådrivar for at det bli minimum 2 avgangar tur/retur pr dag mellom Hjelmeland og Tau. Gjeld både buss og båt.
- 📌 Sikre at mobil- og breibandnettet har høg kvalitet, kapasitet og hastigheit på alle stader der det er/er planlagt busetjing og/eller næringsvirksomhet.
- 📌 Styrke kapasiteten på straumnettet, - og for å kunne ta imot komande kraft frå lokale produsentar.
- 📌 Arbeide for at straumnettet får ein høgare kvalitet for å hindre straumavbrot, samt sikre alternative forsyningslinjer.
- 📌 Sikre arealmessige disponeringar i planperioden for realisering av betre/ny vegtilknytning frå industriområda Viganeset og Hundsneset til riksveg 13.

# 4

## Kommunal utvikling

### Naturen

Her er det fin natur  
Med fine klatretre, sjø, dyr, bekkar og marker  
Her er det fint å leike med venner  
Her er det fint om våren, sommaren og hausten  
Det er ikkje så ofte så mye snø her om vinteren  
Men det er likevel kjekt å bu her

Av Ida





## 4. Kommunal utvikling

Hjelmeland kommune har tre hovudoppgåver: samfunnsutvikling, tenesteproduksjon og forvaltning. I dette avsnittet vil me ta for oss ein del som gjeld kommunen som organisasjon, samt ei sterkare fokusering på nokre spesifikke område.

### Utfordringar

- ✚ Å halde høg kvalitet på tenestene våre
- ✚ Å kunne gi innbyggjarane god service
- ✚ Å kunne rekruttere godt fagpersonell

### Mål

*Rett teneste til rett tid*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.0.1. Leverer betre tenester til innbyggjarane våre
- 4.0.2. Redusert kommunal saksbehandlingstid
- 4.0.3. Involvere samarbeidspartnarar i avgjerdsprosessar
- 4.0.4. Bli sett på som ein offensiv og innovativ kommune som satsar på service og kvalitet

### Slik gjer me det:

- 📖 Byggjer felles organisasjonskultur og verdier som fremjar utviklinga av Hjelmeland
- 📖 Tek vare på og utviklar medarbeidarane våre
- 📖 Tek kundane på alvor og møter dei med respekt.
- 📖 Sterk satsing på positive arbeidsmiljø
- 📖 Byggjer kompetanse i heile organisasjonen
- 📖 Leverer gode tenester til brukarane
- 📖 Fører ein offensiv rekrutteringspolitikk
- 📖 Held høg fokus på HMS
- 📖 Trygging av arbeidsplassar og god rekrutteringspolitikk



Celine 2 kl Jøsneset skule

## 4.1. Oppvekst

Målgruppe for satsing på oppvekst er barn og unge i alderen 0-18 år.

Trygge og gode oppvekst- og levekår for barn og ungdom er blant dei viktigaste oppgåvene, både for samfunnet og kommunen. Forebygging av vald, mobbing, kriminalitet og rus er også sentrale oppgåver i barne- og ungdomsarbeidet.

Samfunnsendringane har hatt store og i hovudsak positive konsekvensar for barn og unge sine oppvekstforhold. Dei aller fleste lever i trygge og gode økonomiske kår. Likevel ser ein at dagens samfunn blir prega av mange og raske forandringar. Det er større mangfald og fleire mulegheiter, men samtidig er det meir uvisse og utydighet i forhold til viktige normer og verdival. Dette krev auka kunnskap og medvitne verdiprioriteringar både hos barn og unge, foreldre, fagpersonar og hos alle beslutningstakarar.

Sentrale føringar har i lang tid hatt fokus mot det å utforma ein heilskapleg barne- og ungdomspolitik. Politikk og tiltak har i stor grad vore prega av fragmentering og lite koordinert ansvar og samhandling. Det er derfor vera meir formålstenleg for Hjelmeland kommune å sjå på korleis me skal få til ei meir heilskapleg planlegging, som tek for seg dei fleste delar av barn og unge sine oppvekstvilkår.

Fleire av planen sine tema og mål må følgjast opp med retningslinjer og avklaringar på ulike område. ” Delplanar”, temahefte, retningslinjer osv. vil vere med på å utfyller kommuneplanen.

### Utfordringar

- ✚ Å gi barn og unge i Hjelmeland eit godt tilbod i barnehage, skule og SFO.
- ✚ Å bruke ressursar på å behalde og vidareutvikle gode tilbod til barn og unge
- ✚ Å utvikle totaltilbod som gjer at me beheld og tiltrekkjer oss barnefamiljar.
- ✚ Å utvikle tverrfagleg samhandling slik at me kan samordne gode tilbod som er tilpassa den enkeltes evner, behov og føresetnader
- ✚ Å leggja til rette for at barn og unge frå ulike kulturar vert integrert på ein god måte



Elise 1 kl Jøsneset skule

### Mål

*I Hjelmeland samarbeider me slik at barn og unge blir sett, høyr og verdsett.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.1.1. Ein oppvekstsektor som har godt kvalifisert personale til å løyse dagens og framtidens arbeidsoppgåver.
- 4.1.2. At oppvekstsektoren har stabile og gode rammevilkår
- 4.1.3. Hjelmeland kommune skal ha ei god barnevernsteneste i eit nært samspel med skule og barnehage

- 4.1.4. Barnehagar og skular i Hjelmeland skal gjennom målretta fagleg arbeid og praktisk tilrettelegging vere helsefremjande institusjonar, som skal hjelpe til med å jamne ut sosiale ulikskapar i befolkninga
- 4.1.5. Haldningsskapande arbeid for å heva debutalder for alkohol og hindre at dei unge prøver ulovlege rusmiddel
- 4.1.6. Hjelmeland skal gje elevane eit godt opplæringstilbod som er i samsvar med eigne evner og føresetnader
- 4.1.7. Ein skule kor elevar og tilsette gjennom gode arbeidstilhøve og godt arbeidsmiljø, skaper tryggleik og glede til inspirasjon, læring og kreativ utvikling.
- 4.1.8. Hjelmeland kommune skal ha eit mangfald i barnehagetilbodet
- 4.1.9. Me skal utvikle sjølvstendige barn som er trygge på seg sjølv som individ og eigen personleg identitet.
- 4.1.10. Barnehagen skal gi tryggleik, stimulere til fysisk aktivitet, byggje sosiale ferdigheiter og utvikle kunnskapar hos barna våre
- 4.1.11. Hjelmeland kommune skal ha eit godt SFO-tilbod.
- 4.1.12. Hjelmeland kommune skal ha ei god beredskap for å kunne gi opplæring til personar som ikkje har fullført grunnskoleutdanninga.
- 4.1.13. Me vil styrkja kompetansen til nye innvandrarakar slik at dei lettare kan delta i yrkes- og samfunnslivet.
- 4.1.14. Sterkare samordning av ressursar i oppvekstersektoren.

### Slik gjer me det:

- Utvikle skule og barnehage til gode læringsmiljø med nulltoleranse for mobbing.
- I skulane skal alle elevar skal ha ei meningsfull og tilpassa opplæring som tek omsyn til barna sine interesser og føresetnader.
- Hjelmelandsskulane skal ha gode informasjonsrutinar samt leggje til rette for i tett dialog og samhandling mellom barnehage/skule og barn/foreldre.
- Barn og unge skal verte kjent med og vise respekt for andre sine kulturelle verdiar og ytringar, være opne og nysgjerrige til det ukjente og bidra konstruktivt til å skape eit inkluderande kulturelt fellesskap.
- Styrke den tverrfaglege samhandlinga mellom barnehage, skule og barnevern
- Leggje til rette for at barn får kroppsbehersking, grunnleggjande grovmotorikk og finmotorikk, ut frå den enkeltes kroppslege, psykiske, sosiale eller kulturelle føresetnader.
- Sikre at det er to tilsette med pedagogisk utdanning pr. barnehageavdeling.
- Kunne gi eksamensretta grunnskuleopplæring for vaksne ved behov.
- Sikra god kvalitet i undervisninga i norsk for vaksne innvandrarakar
- Styrke kunnskapen omkring rusmiddel og rusforebygging, og etablere gode ruskonkurrerande aktivitetar og møteplassar.
- Utreie framtidig struktur for oppvekstersektoren.

## 4.2. Omsorg og levekår

Omsorg og levekår er det største tenesteområdet til kommunen. Tenesteområdet omfattar mange oppgåver: Helse seksjonen er legeteneste, fysioterapi, psykisk helse, helsestasjon med jordmorteneste.

NAV Hjelmeland har tenester innan sosialhjelp, gjeldsrådgjeving, rus og mottak og oppfølging av flyktningar.

Omsorg har tenester på to omsorgssenter, heimebasert tenester og Hamrane.

Barn og familie seksjonen arbeidar med barnevern og arbeid med funksjonshemma herunder støttekontakttenesta.”

Nye reformer, utfordringar, krav, ønskje, forventningar og pålegg gjer at tenestene som skal leverast blir meir og meir komplekse for kvart år.

Me får også nye utfordringar som tidlegare ikkje har vore på dagsorden, knytt til; framandspråklege tenestemottakarar, nye helsemessige utfordringar knytte til pandemiar, nye store reformer osv.

Tenesteområdet omsorg og levekår blir meir og meir internasjonalt for kvart år som går. Eksempelvis kan det trekkjast fram at det ved utgangen av 2009 var personar frå 16 nasjonar tilsette i helsesektoren vår.

### Utfordringar

- ✚ Å få til ei god organisering og implementering i forhold til ”Samhandlingsreformen”.
- ✚ Å rekruttere og behalde personar med rett kompetanse.
- ✚ Å gjennomføre eit godt arbeid innan rus og rusforebyggjande arbeid, særleg blant unge menneske.
- ✚ Å satse på eit godt forebyggjande helsearbeid
- ✚ Å oppretthalde god kvalitet på tenestene som blir levert



### Mål

*Kommunen vil gi alle omsorgstrengjande rette tenester til rett tid.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.2.1. Ha ei god teneste som møter nye krav, forventningar, ynskjer, utfordringar og pålegg på ein god måte
- 4.2.2. Omsorg og levekår skal ha eit tilbod som held høg kvalitet.
- 4.2.3. Bli blant dei beste kommunane på forebyggjande og helsefremjande helsearbeid.
- 4.2.4. Fleire personar i aktivitet og færre på stonad.

### Slik gjer me det:

- ✚ Sørge for at areal som er knytte opp mot helseinstitusjonane i Hjelmeland ikkje vert nedbygde.
- ✚ Legg til rette for ei legevaktordning som kan levere gode tenester, også i åra som kjem.
- ✚ Betrar NAV's. moglegheit for å utføre gode tenester, særleg gjennom ei satsing retta mot personar i aldergruppa 20 - 30 år.
- ✚ Sikrar butilbodet for personar med særlege behov.
- ✚ Styrkjer rusbehandlingstilboda.
- ✚ Etablerer arrangement og aktivitetstilbod som stimulerer helsefremjande og helseforebyggjande arbeid.
- ✚ Styrkjer satsing på forebyggjande helsearbeid
- ✚ Vidareutvikle interkommunalt samarbeid/nettverk for å kunne løyse utfordringar knytte til barnevernsområdet.

### 4.3. Folkehelse

Med folkehelse meinast dei levekår som bidreg til å fremje eller hemme god helse i befolkninga definerte som: bustadforhold, økonomisk tryggleik, skule- og arbeidsmoglegheit, hjelp etter behov, sosial tilhørigheit, ytre miljø og levevanar.

Me er alle ansvarlege for å ta vare på vår eiga helse, men det fritek ikkje kommunen frå å spele ei viktig rolle når det kjem til å påverke og oppse. Me skal ikkje berre leggje forholda til rette for at alle skal inkludert i samfunnet, me skal også hjelpe folk å etablere sunne matvanar og auke den fysiske aktiviteten sin. Me skal også sørge for at medmenneska våre blir sett - at dei blir inkluderte i fellesskapet og opplever glede ved å vere ein del av det. Det inneber også ei medviten satsing mot rusmisbruk. Me må jobbe aktivt for å forebyggje at ungdom byrjar å røykje, drikke eller prøve narkotika.

#### Utfordringar

- ✚ Å få til ei god, tverrsektoriell planlegging av folkehelsearbeidet
- ✚ Å få ein auka fysisk aktivitet i befolkninga
- ✚ Å styrkje forståinga for fysisk aktivitet, kosthald, omgang med rusmiddel og den enkeltes moglegheit for å ta eigne og gode val
- ✚ Å skape gode sosiale møteplassar
- ✚ Å kunne drive forebyggjande, helsefremjande og rehabiliterande kultur- og helsearbeid



#### Mål

*Ei aktiv befolkning med god fysisk og psykisk helse.*

#### Dette ynskjer me å få til:

- 4.3.1 **Fysisk aktivitet:** Motivere innbyggjarane innbyggjarane i kommunen til å vera fysisk aktive.
- 4.3.2. **Kosthold/ernæring:** Gode kosthaldsvanar gjennom kunnskap og gode haldningar for alle innbyggjarane i kommunen.
- 4.3.3. **Integrering:** Hjelmeland skal vere ein kommune kor alle skal vere ein del av samfunnet
- 4.3.4. **Lag/organisasjonar:** Et aktivt og variert lag-, foreinings- og organisasjonsliv
- 4.3.5. **Rus og røyk:** Arbeide for reduksjon av alkoholbruk, tobakksvarer og ulovlege rusmiddel.

#### Slik gjer me det:

- ✚ Styrkjer satsinga på folkehelse, også gjennom eigne prosjekt.
- ✚ Utvikle eit godt tverrsektorielt samarbeid for å styrkje folkehelsearbeidet.
- ✚ Innføre røykfrie soner ved inngangspartia til kommunale bygg der det ferdast mykje folk.
- ✚ Stimulere til fleirkulturelle aktivitetar i lag og organisasjonar
- ✚ Forebygga sjukdom ved å leggja til rette for allsidig fysisk aktivitet retta mot alle grupper av innbyggjarane.
- ✚ Realiserer idrettsanlegga på Røgelstad
- ✚ Me skal tilretteleggje og vedlikehalde fysiske anlegg, turløyper osb.
- ✚ Stimulerer til at det blir lagt til rette for fysisk aktivitet knytt til arbeidsliv, for å styrkje helsa og redusere sjukefråvær.
- ✚ Sterkare satsing på helse i skulane, gjennom kosthald, ernæring, fysisk aktivitet og skulehelseteneste
- ✚ Sterkere satsing på folkehelse blant eldre, bl.a. gjennom kosthald, ernæring og fysisk aktivitet.
- ✚ Sterkare fokus på universell utforming av friluftsområde slik at alle har moglegheit for å ta dei i bruk.
- ✚ Intensivere utbygginga av gong- og sykkelstiar for å kunne redusere bruk av personbilar og betre folkehelsa.

## Rusmidler:

- ✚ Informasjons- og haldningsskapande arbeid retta mot ungdom og deira foreldre.
- ✚ Samordne innsats mot misbruk av rusmiddel.
- ✚ Heve debutalder for alkohol.
- ✚ Vidareføre eit aktivt rusførebyggjande forum.
- ✚ Tilby ruskonkurrerende aktivitetar, med fokus på ungdom under 18 år.
- ✚ Aktiv bruk av løyvingsspolitikk for å få betre kontroll av sal og konsum av alkohol.
- ✚ Klare rammer for løyvingsspolitikken:
  - ▣ Bygdeutvikling har ansvar for kommunen si kontrollverksemd og handtering av løyvingssaker.
    - ▶ Kontrolltiltaka skal samsvare med forskriftene i Alkohollova kap.7.
    - ▶ Søknader om skjenkeløve må vurderast nøye i kvart enkelt tilfelle jfr. Alkohollova, § 1-7a.
    - ▶ Areal- og forvaltningsutvalet skal evaluere og følgje opp kommunens løyvingsspolitikk.
  - ▣ **Generelle føresegner**
    - ▶ Brot på løyvingssbestemmingane kan medføre tap av skjenke- eller salsløve.
    - ▶ Løve gis for ein kommunestyreperiode av gangen.
  - ▣ **Salsløve**
    - ▶ Kvardagar; i butikken si opningstid, maksimalt fram til kl. 2000.
    - ▶ Dagar før søn- og heilagdagar; i butikken si opningstid, maksimalt fram til kl. 1800. Unntak: dagen før Kristi Himmelfartsdag.
    - ▶ Styrar/stadfortredar skal dokumentere bestått kunnskapsprøve.
  - ▣ **Skjenkeløve**
    - ▶ A Skjenketid ved ordinære løve og ambulerande løve:
      - 12.00-01.00 for alkohol klasse 1, 2 og 3
      - For bedrifter med hotellkonsept kan det tillatast skjenking av alkohol klasse 1,2 og 3 til kl 01.30
      - For bedrifter med hotellkonsept kan det for lukka lag søkjast om utvida skjenkeløve fram til 03.00.
    - ▶ B Uteskjenking:
      - Skjenking ute fram til kl 24.00. Dette omfattar alkohol klasse 1,2 og 3.
      - Arealet skal vera klart avgrensa (gjerde, hekk eller liknande)
      - For bedrifter med hotellkonsept kan det tillatast skjenking ute fram til kl. 01.30 på avgrensa område ved hotellkonseptet. Dette omfattar alkohol klasse 1,2 og 3.
    - ▶ C Avgrensingar kring tildeling av skjenkeløve:
      - Det vert ikkje gitt løve dersom matsservering ikkje er ein del av driftskonseptet
      - Ambulerande løve skal ikkje gis til arrangement som har ungdom under 18 år som viktig målgruppe. Ved enkelthøve (opne arrangement) vert det kravd 18årsgrense. Det vert på slike opne arrangement ikkje gitt løve til skjenking av alkohol klasse 3.
      - Det kan berre gis skjenkeløve til arrangement/tilstellinga i dei lokala i skule/undervisningsbygg som har ein klar fleirbruksfunksjon. I slike lokale, med unntak av idrettshallen, kan det berre gis løve til slutta lag.
    - ▶ D Mynde til tildeling av løve:
      - Rådmannen får delegert mynde til tildeling av ambulerande løve for alkohol klasse 1,2 og 3, samt mynde for utviding av skjenketid/utvida skjenkeareal ved enkelthøve.
      - Areal og forvaltningsutvalet får mynde til å tildela løve ved enkelthøve (opne enkeltarrangement) etter høyring hjå lensmann/sosialteneste.
      - Tildeling av faste løve ligg til kommunestyret.



#### 4.4. Bærekraftig utvikling

Arbeid for ei bærekraftig utvikling dreier seg om langsiktig planlegging og tilrettelegging, samt medviten verkemiddelbruk og prioritering. Bærekraftensyn må innarbeidast konsekvent både i den fysiske utviklinga, og i kommunen sine drift- og tenestetilbod.

Bærekraft, både i økologisk, økonomisk og sosial meining, må sjåast i forhold til det som gir best effekt, også sett i eit større geografisk perspektiv.

##### Utfordringar

- ✚ Å få ein betre og meir effektiv arealbruk til utbyggingsformål og infrastruktur.
- ✚ Å auke bruk av offentleg kommunikasjon, som buss og båt.
- ✚ Å redusere bilbruken og klimagassutsleppa.
- ✚ Å drive påvikningsarbeid for å endre forbrukarvanane og haldningane til ressursbruk.
- ✚ Å drive førebyggjande arbeid i forhold til konsekvensar av ekstremvær.
- ✚ Å ha eit miljømessig bærekraftig næringsliv
- ✚ Å oppretthalda bærekraftige grender



##### Mål

###### *Bærekraftig ressursforvaltning.*

##### Dette ynskjer me å få til:

- 4.4.1. Hjelmeland skal ha et bærekraftig næringsliv
- 4.4.2. Effektivt og miljøtilpassa transportsystem i og til/fra kommunen, (jfr kap. 2.4)
- 4.4.3. Hjelmeland kommune skal «feie for egen dør» gjennom ei miljøeffektiv kommuneforvaltning
- 4.4.4. Godt samarbeid med innbyggjarane og næringsliv om miljøvenleg atferd og betre miljø
- 4.4.5. Eit betre miljø regionalt, nasjonalt og globalt

##### Slik gjer me det:

- 🖼 Sikrar at innbyggjarane i Hjelmeland har gode levekår og trygge, trivelige og miljøvennlige senter og nærmiljøer
- 🖼 Arbeider for eit lågast mogleg transportbehov og best mogeleg samordna transportsystem som bidrar til at reisebehovet kan dekkes så miljøvennlig som mulig
- 🖼 Kommunen skal arbeida for reduksjon av utslepp av klimagassar ved m.a. reduksjon av forureinande energibruk.
- 🖼 Me skal gjera det me kan for å ta vare på vårt biologiske mangfald.
- 🖼 Leggja til rette for at me kan bevare, vidareutvikla og forvalta naturen og ressursane våre i samsvar med økologiske prinsipp
- 🖼 Me arbeider for betre tilrettelegging for auka friluftsliv, mosjon og naturoppleving.
- 🖼 I kommunens innkjøpspolitikk skal me ha miljø i fokus.
- 🖼 Gjennomføra ein kommunal innkjøpspolitikk med fokus på miljø, t.d. ved "Fare Trade"
- 🖼 Me vil samarbeide med andre kommuner og fylket om løysning av felles miljøutfordringar.
- 🖼 Me skal arbeide for å oppretthalde og vidareutvikle bustruktur og bumiljø i alle grender i kommunen

## 4.5. Fleirkulturelt samfunn

Gjennom integrering ynskjer ein å nå målet om likestilling gjennom like muligheter, rettigheter og plikter til deltakelse for alle, uansett opprinnelse (stortingsmelding nr. 17). Integrering føreset gjensidig tilpassing, vilje til dialog og samhandling frå heile befolkninga og frå dei offentlege styresmaktene si side. Flyktningane og innvandrarar må sjølv vere aktive i denne prosessen.

Hjelmeland er blitt eit synleg fleirkulturelt lokalsamfunn. Eksempelvis kan det trekkjast fram at det ved utgangen av 2009 var personar frå 16 nasjonar tilsette i helsesektoren, medan det i skulen gis undervisning til elevar med 14 forskjellige morsmål (utanom norsk). Det kan og nemnast at av dei 156 innflyttarane me hadde i 2009 kom 70 av dei frå andre land.

For å kunne gjennomføre ein god integreringspolitikk har ein sett det som viktig at me får eit balansert tal flyktningar sett i forhold til lokalbefolkninga, og for inneverande periode ynskjer ein derfor ikkje at flyktningandelen skal overstige 2% av totalbefolkninga.

Å leve i eit fleirkulturelt samfunn inneber eit større mangfald. I eit fleirkulturelt samfunn vil me i større grad oppleve forskjellige val og vurderingar baserte på kultur, religion, verdiar og etiske normer.

### Utfordringar

- ✚ Å forbetre språk- og anna opplæring, for derigjennom å få til ei god integrering
- ✚ Å få den fleirkulturelle befolkninga i arbeid såg raskt som mogeleg.
- ✚ Å skape gode møteplassar for eit fleirkulturelt samfunn
- ✚ Å få til ei god integrering av framandspråklege elevar i barnehage, skule og SFO
- ✚ Å gjennomføre eit godt informasjons- og haldningsskapande arbeid



### Mål

*Hjelmeland skal vere ein kommune kor integrering og inkludering av ei fleirkulturell befolkning skal bidra til å skape eit mangfald som styrkjer og berikar lokalsamfunnet.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.5.1. Ei god samhandling mellom lokalbefolkninga og innflyttarar/innvandrarar/flyktningar for å skape eit godt lokalsamfunn.
- 4.5.2. Skape haldningar blant innflyttarar/innvandrarar/flyktningar og nordmenn som fører til toleranse, aksept og samhandling.
- 4.5.3. Gode språkkunnskapar hos innflyttarar for å sikre god integrering og for å få flest mogeleg i arbeid.

### Slik gjer me det:

- ✚ Vidareutvikle frivilligsentralen som aktiv i arbeidet med integrering i kommunen.
- ✚ Få eit aktivt innvandrarfora i kommunen.
- ✚ Engasjement særleg retta mot innvandrarkvinner i høve til utdanning, arbeid og fritidsaktivitetar.
- ✚ Stimulere til vidare utvikling av dei sosiale møteplassane som er i kommunen.
- ✚ Sterk fokus på språkundervisning.
- ✚ Hjelp til slik at tilflyttarar får moglegheit for å delta i aktivitetar og lag- organisasjonsliv.
- ✚ Styrke det haldningsskapande arbeidet i kommunen.
- ✚ Ta godt imot tilflyttarar og gjere dei kjende me kommunen og dei moglegheitene dei har.
- ✚ Gjere offentleg informasjon lettare tilgjengeleg for innflyttarar, m.a. gjennom kommunen si heimeside på internett.
- ✚ Få til arrangement med fokus på fleirkulturelle utfordringar og moglegheiter.



## 4.6. Kultur og kulturminne

Kultur er viktig for å vidareutvikle Hjelmeland kommune. Det utvida kulturomgrepet ligg til grunn for forståinga vår for området, dvs. at ein tenkjer både på tradisjonelle kunst og kulturuttrykk, lag og foreiningar, det fysiske miljøet med idrett og friluftsliv, fritid og tilgrensa samfunnsområde.

Skal me utvikle oss i den retninga me ynskjer er det viktig at me ser på kultur som eit av dei berande elementa i utvikling av enkeltmennesket og kommunen. Kultur er viktig for å skape og oppretthalde identiteten vår, samt at det også er viktig for trivsel, busetjing, tilflytting, inkludering, aktivisering, forebygging og sosialisering.

### Utfordringar

- ✚ Å tilby gode kulturtilbod som når heile befolkninga
- ✚ Å ha ein kultursektor som bidreg positivt til integrering og utvikling i lokalsamfunnet
- ✚ Å vidareføre ei aktiv satsing på idrett, friluftsliv og fysisk aktivitet
- ✚ Å oppretthalde og styrkje det lokalt engasjement som er i lag, foreiningar og andre kulturaktivitetar.
- ✚ Å styrkje befolkninga si helse gjennom kulturell, sosial og fysisk aktivitet
- ✚ Å få til ei betre synleggjering og formidling av kulturelle aktivitetar i kommunen
- ✚ Å trekkje fram, synleggjere og bruke dei lokale kulturminna i kommunen.
- ✚ Å satsa stort på kultur ved å bygga nytt kulturhus



Kristiane, 2 kl Jøsneset skule

### Mål

*Kultur skal spele ei aktiv rolle i forhold til trivsel, identitetsbygging, tilhøyrighet og utvikling av Hjelmeland kommune.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.6.1. Gjennom kultur og kulturaktivitetar skal me utvikla Hjelmeland.
- 4.6.2. Kommunen si kultursatsing skal vera prega av **samhandling** med andre aktørar.
- 4.6.3. Den **frivillige innsatsen** i kulturlivet skal stimulerast og støttast.
- 4.6.4. Det **profesjonelle kulturlivet** skal utviklast.
- 4.6.5. Kultur og kulturaktivitetar skal vera **for alle**.
- 4.6.7. Ei fysisk aktiv befolkning.
- 4.6.8. Kulturminna skal bidra til å framheve vår eigen identitet, særpreg, historie og vera en viktig kulturbyggjar (jft kap 4. Areal)
- 4.6.9. Kulturskulen ska spela ei aktiv og sentral rolle i utviklinga av kunst- og kulturlivet i kommunen
- 4.6.10. Biblioteket skal vera ein levande møtestad for kultur og kunnskap for alle i Hjelmeland.
- 4.6.11. Frivilligsentralen skal vere ein lokalt forankra møteplass som er open for alle med lyst til å vere med på frivillig verksemd. Sentralen skal vere eit kraftsenter og kontaktpunkt for menneske, foreiningar /lag og det offentlege.

### Slik gjer me det:

Universell utforming

- ✚ Kommunale bygg, anlegg og andre fasilitetar, som blir nytta til kulturaktivitet skal ha sterk fokus på universell utforming, slik at alle grupper skal ha gode høve for å nytte seg av dei.

#### Rammevilkår

- ✚ Me skal gi rammevilkår som gjer at me får oppjustert fleire område med tanke på kultur, turisme og næring
- ✚ Satsing på kulturbasert næringsutvikling, med særleg vekt på Ritlandskrateret

#### Prisar/stipend

- ✚ Kulturstipend knytte opp mot kultur- og fritidstilbod for barn og unge
- ✚ Gjennomgang og tilpassing av statuttar og retningslinjer for kommunale priser, stipend og liknande.

#### Marknadsføring/formidling

- ✚ Me skal styrkje marknadsføring og annan informasjon knytt til kultur og kulturformidling, bl.a. gjennom vidareutvikling av kulturkalender.
- ✚ Formidle kunnskap om lokal natur og kulturhistorie
- ✚ Leggje til rette for betre formidling av kulturhistorie, eks. gjennom bygdebøker osb.

#### Kulturskule

- ✚ Oppretthalde og utvikle kvaliteten på kulturskuletilbodet i kommunen

#### Bibliotek

- ✚ Ha eit godt bibliotek, med eit allsidig og aktuelt tilbod av bøker, lydbøker, tidsskrift, avisar, filmar, musikk, digitale medium, spelplattformer osb.

#### Frivilligsentral

- ✚ Frivilligsentralen skal ta initiativ til, mobilisere og samordne frivillig aktivitet.
- ✚ Hovudsatsingsområde til frivilligsentralen er betre tilrettelegging for innflyttarar til kommunen. Med særskild fokus på inkludering i frivillig verksemd.

#### Idrett/fysisk aktivitet

- ✚ Styrke satsinga på idrett og fysisk aktivitet, med særleg fokus på barn og ungdom
- ✚ Leggje til rette for eit aktivt natur- og friluftsliv
- ✚ Styrke satsinga på anlegg og areal knytt opp mot idrett og fysisk aktivitet
- ✚ Legga til rette for bowling.

#### Kulturminne

- ✚ Skape forståing og respekt for den eineståande kulturarven me forvaltar i Hjelmeland
- ✚ Kulturminne skal sikrast gjennom vern og bruk
- ✚ Gjennom tilskotsordningar ta vare på og restaurere verdifull arkitektur, kulturlandskap og andre kulturminne.
- ✚ Vidareføre samarbeidet med Ryfylkemuseet, med særleg fokus på bygdemuséet og Vigatunet
- ✚ Aktiv bruk av kulturminna i oppvekst-, skule- og næringssamheng
- ✚ Auka kjennskap til kulturminna gjennom informasjon og anna formidling. Desse automatisk freda fornminna skal ha særleg fokus:
  - **Årdal:** Soppaland: gravfelt frå jernalder, lok.: 14777, Kyrkjhus: middelalderkyrkjegard og rennesansekyrkje, lok.: 53778, Mæle: gravfelt og to nausttufter frå jernalder, lok.: 4950
  - **Fister:** Midtre Fister: to gravfelt frå jernalder, lok.: 65660 og 72179, Nedre Fister: Middelalderkyrkjegard og to gravrøysar frå jernalder, lok.: 24119
  - **Riskadal:** Gardsanlegg frå jernalder, (Prestavegen går gjennom området) lok.: 72182
  - **Byrkja:** Gardsanlegg frå jernalder, lok.: 44455
  - **Mjølhus:** Bygdeborg frå jernalder og ei gravrøys som kan vere frå bronsealder, lok.: 72175.De ovanfor nemnde kulturminnelokalitetane representerer ulike typar synege kulturminne. Fleire av lokalitetane er svært store og består av mange enkeltminne, kor deio fleste enkeltminna er godt synlege. Lokalitetane er også forholdsvis lett tilgjengelege.

## 4.7. Teknisk

Innenfor Teknisk seksjons tenesteområder ligg per i dag forvaltning av kommunale bygningar og anlegg, drift og vedlikehald av vegar, vatn og avløp, brann –og redning og trafikktryggleik.

Som det framgår av vedlegg 1 har kommunen ansvar for over 100 km vegar, ca. 36 000 m<sup>2</sup> bygningsmasse, 7 kaianlegg, 5 vassverk, 5 avløpsanlegg og over 100 000 meter med ledningsnett (vatn og avløp).

Vedlikehaldsbehova for den kommunale infrastrukturen og dei kommunale bygningane vil måtte bli meir prioriterte i kommande planperiode. Dei siste åra har det verte gjennomførte store og nødvendige utbyggingar i den kommunale infrastrukturen, og me må no framover leggja ned meir arbeide med vedlikehald og utbetringar av det me har.

### Utfordringar

- God standard på kommunale bygg og anlegg
- Å levere god kvalitet på vatn og avløpsanestene
- God tryggleik, drift og vedlikehald av kommunale vegar, kaiar og bruer
- Å ha god brannberedskap og eit godt brannførebyggjande arbeid.
- Å halda høg standard på kommunen sine grøntanlegg.



Stian 2 kl Jøsneset skule

### Mål

**Infrastruktur, bygningsmasse og andre anlegg med rett kvalitet.**

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.7.1. Alle innbyggjarar i Hjelmeland kommune skal ha tilgang til hygienisk og godt vatn. Me skal arbeide aktivt for god rensing av avlaupsvatn og sikring mot forureiningar.
- 4.7.2. Mål om å få bygd ut det kommunale vassnettet til meir enn 80% av innbyggjarane i kommunen. Vidare utbygging og opprusting av det kommunale avløpsnettet.
- 4.7.3. Kommunale vegar skal ha god og sikker vegstandard – Trafikktryggleik.
- 4.7.4. Gang- og sykkelvegar skal byggast og vedlikehaldast der trongen er størst
- 4.7.5. Me skal ha en høg vedlikehaldstandard på dei kommunale bygningane.
- 4.7.6. Utvikle og legge til rette for nye områder for utbygging i kommune.

### Slik gjer me det:

- ✚ **Større delar av Vass –og avløpsnettet** i kommunen må rehabiliterast i dei næraste åra. Vasskummer og ledningsnett er per i dag av ein slik standard at nokon strakstiltak må iverksettast. Det må og bli arbeidet for betre sikring mot avbrot i vassforsyninga (bl.a gjennom alternativ forsyning). Det vil og bli sette fokus på å få bygd ut vassleidningsnettet slik at me får den nødvendige **brannvasskapasitet** i kommunen. Sikkerhet og tryggleik og førebuing mot brann og effektiv redningsteneste.
- ✚ **Generelt vedlikehald** av kommunale boliger og leiligheter, skular, barnehagar, helsebygg. Utbedtringar for at alle dei kommunale bygga skal bli universelt utforma og tilgjengelig for alle.
- ✚ **Trafikktryggleiken** på alle kommunale vegar, utbygging av gang –og sykkelvegar kor dette er nødvendig, skilting og oppmerking kring dei kommunale bygga. (Jfr årlege rulleringar av Plan for trafikktryggleik)
- ✚ Utvikle og tilrettelegga nye byggeområde for næring og bustader i kommunal regi og gjennom samarbeid med private aktørar.
- ✚ Årlege prioriteringar, eks gjennom Plan for kommunalt vatn.

## 4.8. Beredskap

Det er vedteke eige beredskapsplanverk for Hjelmeland kommune, som utgjer kommunen sine totale planar i samband med krisesituasjonar.

I "Veileder for kriseplanlegging i kommunene" som er utarbeid av Direktoratet for Samfunnstryggleik og Beredskap (DSB) definerer ein kriseplan som "forberedte handlingar for å møte ulykker og andre påkjenningar som i art eller omfang går utover det som regnast som normalrisiko i fredstid".

*Beredskapsplanen* angir korleis krisesituasjonar skal handterast i Hjelmeland kommune. Målet er å gi dei som handterer situasjonen ei praktisk anvisning for:

- kva som skal gjerast
- av kven og
- i kva rekkjefølgje.

Om den aktuelle situasjonen skal handterast som ei krise etter denne planen, blir avgjort av lokal eller sentral kriseleiar avhengig av krisen sitt omfang og alvorlighetsgrad.

### Utfordringar

- Å oppretthalde ei god kommunal beredskap.
- Å sikre innbyggjarane si helse i krisesituasjonar.
- Å oppretthalde samfunnsfunksjonar og infrastruktur i krisesituasjonar.
- Å sikre økonomiske verdiar på ein best mogeleg måte i krisesituasjonar.
- Å gjennomføre gode kommunikasjons- og informasjonstiltak i krisesituasjonar.



Celine 2 kl Jøsneset skule

### Mål

**Beredskapen i Hjelmeland kommune skal sikre at det ved krisar/katastrofar igangsettes tiltak for å redusere konsekvensane mest mogeleg for menneske, tenesteproduksjon, og økonomi.**

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.8.1. Hjelmeland kommune si målsetjing er å kunne etablere ei kriseleing som raskt kan iverksetje, leie og koordinere alle kommunale tiltak når ei krise oppstår
- 4.8.2. Til ei kvar tid ha ein ajourført beredskapsplan for krisar/katastrofar.
- 4.8.3. Sikre at offentlege funksjonar og oppgåver i størst mogeleg grad fungerer som normalt i ein krisesituasjon.

### Slik gjer me det:

- ✚ Kriseleinga i Hjelmeland kommune skal koordinere og leie alle kommunale tiltak når ei krise oppstår.
- ✚ Naudsynte tiltak skal normalt gjennomførast i samsvar med gjeldande beredskapsplanverk.
- ✚ Gjennomføre årleg gjennomgang og revidering av kommunen sine beredskapsplanverk, samt risiko og sårbarhetsvurderingar.
- ✚ Gjennomføre beredskapsøvingar.

## 4.9. Likestilling og diskriminering

Kommunen står ovanfor store utfordringar etter at den nye diskriminerings- og tilgjengelegheitslova trådte i kraft i januar 2009. Lova skal gi vern mot diskriminering på grunn av kjønn, graviditet, permisjon ved fødsel og adopsjon, etnisitet, funksjonsnedsetjing, seksuell orientering, religion, livssyn, politisk syn og alder.

Regjeringa har også kome med ein handlingsplan for økt tilgjengelighet for personar med nedsett funksjonsevne (ofte referert til som plan for universell utforming). Lova skal bidra til nedbygging av samfunnsskape funksjonshemmande barrierar og hindre at nye blir skapt.

I tillegg til at kommunen følgjer dei lover og retningslinjer som er bestemt av overordna styresmakter har me slutta oss til det "Europeiske Charter for likestilling mellom kvinner og menn i lokalsamfunnet".

### Utfordringar

- Å ha god kompetanse og innarbeide haldningar knyttet til universell utforming i alle delar av kommunen.
- Å ta omsyn til universell utforming i fysisk planlegging.
- Å arbeida for ei balansert deltaking av både kvinner og menn i kommunale leiarposisjonar og folkevalde organ
- Å motarbeide kjønnsstereotypiar i lokalsamfunnet

### Mål


*I Hjelmeland kommune legg me vekt på å skape eit samfunn prega av aktiv deltaking og full likestilling.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.9.1. Eit hovudsiktemål med universell utforming er å oppnå likestilling og deltaking for personar med nedsett funksjonsevne ved å fjerne noverande funksjonshemmande barrierar og hindre at nye oppstår.
- 4.9.2. Motarbeide all diskriminering og usakleg forskjellsbehandling i Hjelmeland kommune.
- 4.9.3. Hjelmeland skal vere eit lokalsamfunn der både kvinner og menn har best mogleg sjanse til deltaking i heim og familie, samt ha meningsfylt arbeid og fritid
- 4.9.4. Sikre fleire kvinner i politiske og administrative leiarposisjonar

### Slik gjer me det:

- ✚ Kompetanseheving i kommunen knytt til universell utforming.
- ✚ Tilpasse offentlege bygg, uteområde etc., slik at dei skal vere tilgjengelege for alle.
- ✚ Langsiktig rekruttering gjennom tiltak retta mot kvinner og unge familiar.
- ✚ Det skal takast omsyn til kvinner sine premisser for å delta i politikk og arbeid.
- ✚ Arbeid for ei jamnare kjønnsfordeling innan alle stillingskategoriar i organisasjonen.
- ✚ Tilrettelegga arbeidsplassar for folk med nedsett funksjonsevne.



Aaron 1 kl Jøsneset skule

## 4.10. Interkommunalt samarbeid

Hjelmeland kommune ser det viktige i godt og konstruktivt interkommunalt samarbeid. Dette arbeidet vil fortsetje. For ytterlegare å styrkje kommunen er det også viktig at ein ser på nye område for samarbeid som kan styrkje tenestetilbodet til innbyggjarane innanfor dei økonomiske rammene kommunen til einkvar tid rår over.

Kommunen har eit utstrekt samarbeid med ulike kommunar, organisasjonar og bedrifter. Ein del av dette er formalisert, mens andre delar av samarbeidet er i forskjellige former for konstallasjonar, forankring, ad-hoc etc.

### Utfordringar

- ✚ Å levere best mogeleg tenester til innbyggjarane
- ✚ Å hente ut gevinstar ved interkommunalt samarbeid
- ✚ Å sjå på fellesløysingar der dette gir størst effekt

### Mål

*Hjelmeland kommune skal vere ein aktiv pådrivar for regional utvikling og interkommunalt samarbeid.*

### Dette ynskjer me å få til:

- 4.10.1. Leverer gode og kostnadseffektive tenester til innbyggjarane i kommunen.
- 4.10.2. Vera ein viktig premissgivar for vidare utvikling av Ryfylke og regionen for øvrig.

### Slik gjer me det:

- ✚ Vidareutvikle interkommunalt samarbeid gjennom Ryfylke IKS eller selskap/samarbeidsfora som spring ut frå selskapet.
- ✚ Samarbeid på utviklingssida med naturlege samarbeidspartnarar
- ✚ Delta i regionalt og nasjonalt utviklingsarbeid som bidreg til å styrkje kommunen.
- ✚ Arbeid for nye interkommunale samarbeidsløysingar som er kostnadseffektive og som sikrar tenestetilbodet til befolkninga.
- ✚ Med nåverande føresetnad satsar Hjelmeland på utstrakt interkommunalt samarbeid.
- ✚ Med grunnlag i pågåande utgreiing av kommunestruktur i Ryfylke vil Hjelmeland kommune ha ein grundig gjennomgang av saka.





#### 4.11. Klima og energi

Dette avsnittet bygger på rapport, som eit resultat av samarbeid mellom Hjelmeland kommune og Norges Vel. Det er for lengst slått fast at dagens energibruk har konsekvensar for klima og miljø. Klima- og energipolitikk både lokalt, nasjonalt og internasjonalt er dermed viktigare enn nokon gong. Noreg har forplikta seg både internasjonalt og nasjonalt til å redusere utslepp av klimagassar. Desse pliktene tek Hjelmeland kommune på alvor og ynskjer med denne klima- og energiplanen å synleggjere potensielle miljø- og klimagrep som kommunen kan ta tak i.

##### Utfordringar

- ✚ Å redusere klimagassutsleppa i kommunen
- ✚ Å redusere energiforbruket
- ✚ Å ta klima og miljøomsyn i alle samanhengar
- ✚ Å få til en god klimatilpassing
- ✚ Å vere ein aktiv pådrivar for å endre utviklinga lokalt i ein meir positiv retning.



##### Mål

*Hjelmeland kommune skal vere klimanøytralt i 2030.*

##### Dette ynskjer me å få til:

- 4.11.1. Hjelmeland kommune skal redusere klimagassutsleppa med 10% i planperioden.
- 4.11.2. Hjelmeland kommune skal gjennom det planmessige energiarbeidet sitt sørge for å bruke minst 10% mindre energi i kommunale bygg i løpet av planperioden 2011- 2015
- 4.11.3. Auke talet på bedrifter og offentlege verksemdar som er miljøsertifiserte.
- 4.11.4. Auke produksjonen av fornybar energi, med bla 100 GWH frå småkraftverk i planperioden

##### Slik gjer me det:

- ✚ Ta klimapolitikken på alvor i alle samanhengar
- ✚ Gjennomfører klimavennlege tiltak i kommunen sine egne verksemdar.
- ✚ Vere ein aktiv pådrivar i forhold til klimatilpassing på område som skre, flaum og erosjon.
- ✚ Forvaltar det biologisk mangfaldet slik at det i minst mogeleg grad blir påverka av klimaendringar.
- ✚ Legg til rette for utbygging av nye fornybare energikjelder og oppgradering/tilpassing av eksisterande.
- ✚ Arbeider for at offentlege og private verksemdar miljøsertifiserer eiga verksemd. (ISO, EMAS, Grønt flagg, Miljøfyrtårn)
- ✚ Innarbeider miljøkrav og livssyklusanalyser i forhold til kommunale innkjøp- og leasingavtalar.
- ✚ Hjelmeland kommune skal gjennom det planmessige energiarbeidet sitt oppnå energimerket "B" eller betre på alle bygga sine.
- ✚ Kommunen skal vere ein viktig pådrivar for å auke merksemda og betre haldningane knytte til klima, energi og miljø.
- ✚ Arbeide for at naturgass kan bli nytta i lokalt næringsliv.
- ✚ Bidra til auka utnytting av hushaldnings- og industrielt restavfall i energiproduksjon.
- ✚ Betre informasjonen og stimulere til auka miljøfokus i landbruksnæringa.
- ✚ Følgjer opp rapport frå Norges Vel som ein viktig del av beslutningsgrunnlaget for lokal energi- og klimapolitikk.





# 5

## Areal

### Dikt

Eg leikar ute  
eg leikar inne  
Sykle, leike med hunden  
gå på rulleskøyter  
bade og springe  
Det er nesten som ein draum  
å bu på Jøsneset

Av Madelen



## 5. Areal

### 5.1. Generell del

#### FØRESEGNER OG RETNINGSLINJER

Juridisk bindande føresegner med paragrafar er skrivne i grå tekstboksar.

Retningslinjene er skrivne med vanleg tekst. PBL = plan-og bygningslova

**§ 1** Før 1.gangs behandling av reguleringsplanar skal det utarbeidast fagkyndig ROS analyse jf. PBL § 4.3.

**§ 2** I område der det ikkje er krav om reguleringsplan, skal det utarbeidast ei ROS-analyse før det gis løyve til deling og bygging.

**§ 3** Framstilling reguleringsplanar skal skje i tråd med den til ei kvar tid gjeldande kart- og planforskrift, samt kommunen sin "Kravspesifikasjon for reguleringsplanar".

**§ 4** Ved saksbehandling av nye reguleringsplanar skal ein leggje særskilt vekt på omsynet til Risiko og sårbarheit (ROS), natur- og landskapskvalitetar, eksisterande bygningsmiljø, barn- og unges interesser, trafikktryggleik, kulturminne og universell utforming/tilrettelegging for alle.

#### Retningslinje

I kommuneplanen blir bebygd areal definert som det areal som ein bygning dekker av terrenget.

Parkeringsareal kjem i tillegg til dette.

### 5.2. Bebyggelse og anlegg

#### § 5 Plankrav

I område for bebyggelse og anlegg kan arbeid og tiltak som nemnt i PBL § 20-1 samt frådeling til slike føremål ikkje finne stad før området inngår i reguleringsplan. Det kan likevel tillatast oppført nye bygningar til erstatning for gamle, og gjenoppføring etter brann, utan at dette utløyser plankrav.

#### § 6 Unntak frå plankrav

Unntak frå plankrav i eksisterande uregulerte byggeområde dersom følgjande vilkår er oppfylt:

- 1) utbygginga er å rekne som enkel fortetting/utbygging med inntil 2 nye einingar.
- 2) utbygginga ikkje forringar viktige fellesareal, grøntareal, leikeareal eller automatisk freda kulturminne. Der det er automatisk freda kulturminne skal søknader sendast på høyring til Rogaland Fylkeskommune.
- 3) utbygging ikkje er i strid med viktige samfunnsinteresser.
- 4) tilfredsstillande veg og parkeringsløysering er sikra.
- 5) utbygginga underordnar seg eksisterande bygningar m.o.t. høgde, volum, utnyttingsgrad
- 6) utbygginga kan nytte seg av eksisterande infrastruktur og transportsystem
- 7) fagkyndig ROS-analyse jf TEK 10.

Til bustader skal det leggjast til rette for to parkeringsplassar pr. bueining. Krav om leikeplass gjeld like fullt, jf § 12.

Unntaket gjeld ikkje byggeområde direkte i strandsona.

**§ 7 Rekkefølgekrav**

Utbygging kan ikkje skje før tekniske anlegg som veg, vann og avløp samt energiforsyning er tilfredsstillande ordna. Det er krav om etablering av radonsperre i alle framtidige bustadhus og hytter i kommunen. Fellesareal som t.d. felles parkeringsplassar, tilkomstvegar, båtanlegg, friområde og leikeplassar, skal opparbeidast og ferdigstillast til bruk samstundes med at tomtene blir bygd ut.

**§ 8 Krav om utbyggingsavtale**

Utbygging av felt for bustad, fritidsbustad eller næringsområde som legg opp til kommunal infrastruktur kan ikkje skje før det forelegg utbyggingsavtale i tråd med reglar vedtatt av kommunestyret, sak 06/07 jf PBL 11-9-2 og 17-2.

**§ 9 Generelle krav**

I alle reguleringsplanar for byggeområde i 100-metersbeltet er det krav om særskilt tilrettelegging for allmenn ferdsel/gangvegar samt opphalds/rekreasjonsareal for allmenta. Ved behov for båtplassar skal desse leggjast i fellesanlegg.

Forbodet mot tiltak i strandsona pbl §1.8.2.ledd gjeld ikkje i områder som i kommuneplanen er definert som byggeområde. Formålsgrensene i desse områda er byggegrense mot sjø

Utbygging skal ikkje kome i konflikt med automatisk freda kulturminne, eller gjere desse mindre tilgjengelege. Kulturminne skal sikrast i reguleringsplan ved bruk av omsynssone d) jf pbl.§11-8. Rogaland Fylkeskommune vil ta stilling til omsynssona si utstrekning på reguleringsplannivå.

**§ 10 Risikoforhold****Flaum/stormflo:**

I område som pga terreng og nærleik til vassdrag/sjø kan vere utsett for flaum/stormflo må det gjerast ei fagkunnig utgreiing av flaumfaren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og byggesaker. Ved alle byggeprosjekt som medfører at opne bekkar blir lagt i rør eller at bekkar blir snevra inn eller endra, skal det leggjast fram fagkunnig dokumentasjon som viser at det er dimensjonert for ekstremnedbør. Byggehøgde skal leggjast til grunn etter NVE sine gjeldande retningslinjer, samt dei til ei kvar tid foreliggjande flaumsonekart i kommunen. Innvendig golv i nye bustader og fritidsbustader skal minimum liggje på kote +2,3 m. Dersom det kan dokumenterast tiltak som sikrar inntrenging av vatn ved auka havnivå og stormflo, kan det i særskilte høve tillatast bygg lågare.

**Flaumsonekart Årdal:** sjå § 31 under omsynssone flaum

**Kvikkleire:**

I område under marin grense som kan vere utsett for kvikkleire er det forbode å setje i gong bygge-og anleggstiltak med mindre det ligg føre ei geoteknisk utgreiing om denne faren. Dersom det blir påvist kvikkleire, må områdestabiliteten for faresona dokumenterast. Dokumentasjonen frå geoteknikar må vise at det vil være tilfredsstillande tryggleik både i anleggsfasen og permanent, og avbøtande tiltak må skildrast/dokumenterast. Tryggleiksnivå er gitt i byggeteknisk forskrift § 7-3.

**Ras/skred**

Sjå §32 Sikring og faresoner.

## Retningslinjer

Lokalisering og utforming av nye bygg må utformast slik at dei harmonerer med eksisterande bygningsmiljø, når det gjeld tomteplassering, struktur, volum, takform, materialbruk og farge. Det skal nyttast materiale som høver saman med omgjevnad. Bygningane må òg kunne gjenspegla preg og byggeskikk frå si tid.

Nye bygningar skal plasserast skånsamt i terrenget slik at landskapsbiletet ikkje blir endra vesentleg. Terrenginngrep skal samlast og minimaliserast. Landbruksjord og landskapselement som bekkar, kantvegetasjon, grøntdrag, friområde og andre naturareal skal bevarast. Masseuttak i byggeområde, spesielt masseuttak som vil vere synleg frå sjøsida, bør vere minst mogleg. Bortsprenning av terreng som gir synlege skjeringar bør unngåast. Omsynet til automatisk freda kulturminne og naturmangfaldet skal ivaretakast.

### 5.2.1. Bustader

#### § 11 Rekkefølgjekrav

##### Hjelmeland:

**11-1-**Krav om områdeplan for heile området Nordbygda som viser etappevis utbygging, ev fortetting samt infra-og grøntstruktur.

**11-2-** Burmavegen skal utbetrast og gangveg skal etablerast før bustadfelt i Nordbygda, Flåtene og Sæbø kan byggjast ut.

**11-3-** Sæbø II kan ikkje byggjast ut før 80 % av det øvrige byggearealet i Nordbygda/Sæbø/Flåtene er bygd ut.

**11-4-** Idrettsanlegg på Røgelstad skal vere etablert før bustadfelt på Flåtene I og II kan byggjast ut.

**Årdal:** Det regulerte Dalane II skal byggjast ut før Dalane III

#### § 12 Leikeplassar

Ved utforming av bustadfelt skal ein ta særskilt omsyn til barns oppvekstvilkår og trygge/trafikk sikre løysingar. Leike- og opphaldsplassar ute skal inngå i reguleringsplanar for bustadfelt.

Desse skal ha ei skjerma plassering og ikkje vere skyggelagt større delar av dagen. Leike- og opphaldsplassar ute skal ikkje plasserast i nærleiken av høgspente kraftleidningar.

For kvar åttande bustadeining i tettbygd område skal det finnast ein opparbeidd nærleikeplass. Det gis ikkje byggjeløyve til nye bustader i område der denne føresegn ikkje er oppfylt.

Ved utbygging av bustadfelt skal det etablerast nærleikeplass. Storleik skal tilpassast tal bueiningar i bustadfeltet: 1-10 bueiningar: min 150 m<sup>2</sup>, 11-25 bueiningar: 400 m<sup>2</sup>. For kvar bueining over dette: auke med 10 m<sup>2</sup>. Nærleikeplassar skal plasserast i trygg, sentral og relativt solrik del av bustadfeltet og vere skjerma for miljøulempar som td: vind/trafikk/støy/forureining/bratte skrentar. Nærleikeplassen skal minimum ha benk, sandkasse og noko fast dekke. Leikeplassar skal ha universell utforming og vere tilpassa variert leik og opphald for ulike aldersgrupper. Ein skal bevare naturleg vegetasjon og naturelement av verdi som kvalitetsskapande element på leikeplassen og som supplement til leikeapparat. Plan for nærleikeplass skal godkjennast av kommunen.

## Framtidige område for bustader med retningslinjer

| Nr  | Gnr/<br>Bnr     | Stad                                | Bygd       | Retningslinjer                                                                                                                                                                                                                                  | Retningslinje<br>/kopling til<br>småbåthamn                                         |
|-----|-----------------|-------------------------------------|------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------|
| B 1 | 74/29           | Eikehaugen                          | Fister     | Skal inkludere utvidingsområde jf formannskapsvedtak + litt avgrensing av byggeområdet jf kulturminne                                                                                                                                           |                                                                                     |
| B2  | 58/29,30        | Nordbygda<br>Hjelmeland<br>Panorama | Hjelmeland | Viser til rekkefølgekrav Burmavegen. Etappevis utbygging: nedsida av Burmavegen prioriterast først. Strandsona skal sikrast for allmenn ferdsel og som fellesområde for bustadområdet. Krav om felles småbåthamn saman med bustader på Flåtene. | S5                                                                                  |
| B3  | 1/9             | Gullbergvik/<br>Ølesund             | Randøy     | Sikre strandsona for allmenne føremål, samt etablere fellesanlegg for båt i området. Ikkje bustader nedanfor formålsgrrensa. Felles båthamn i nord                                                                                              | S20                                                                                 |
| B4  | 58/62           | Flåtene I                           | Hjelmeland | Viser til rekkefølgekrav. Småbåthamn skal samlokalisertast med Nordbygda i felles anlegg                                                                                                                                                        | S5                                                                                  |
| B5  | 86/1,2<br>m.fl  | Sigmundstad                         | Fister     | Krav om felles reguleringsplan for fleire eigedommar. Maks 3 hus som fortetting i området.                                                                                                                                                      | Regulert/ekst<br>småbåthamn                                                         |
| B6  | 109/1,108/<br>1 | Høiland                             | Årdal      |                                                                                                                                                                                                                                                 |                                                                                     |
| B7  | 58/2            | Sæbø I                              | Hjelmeland | Vilkår ras/skred-sikring                                                                                                                                                                                                                        |                                                                                     |
| B8  | 19/5            | Nesvik                              | Jøsneset   | Det må i planfasen påvisast båt plassar.                                                                                                                                                                                                        |                                                                                     |
| B9  | 60/1,6          | Tuntland                            | Hjelmeland | Ca 12 bustadtomter                                                                                                                                                                                                                              |                                                                                     |
| B10 | 75/3            | Sandvik                             | Fister     | Gangveg mellom dagens driftsbygning og to bustader, pluss tilrettelegging av fri ferdsel/sti vidare sørover.                                                                                                                                    | Eksisterande<br>båthamn skal<br>inngå i plan, og<br>kan utvidast<br>innover på land |
| B11 | 75/2            | Fister-<br>hammaren                 | Fister     | Fire nye bustadtomter som fortetting rundt tunet, inkludert to bebygde tomter.                                                                                                                                                                  |                                                                                     |
| B12 | 106/2           | Dalane III                          | Årdal      | Rekkefølgekrav jf § 11. Krav om vegtilkomst frå nord                                                                                                                                                                                            |                                                                                     |
| B13 | 58/6            | Sæbø II                             | Hjelmeland | Ca 20 bustader. Rekkefølgekrav jf § 11. Utnyttingsgrad minimum 2 bustader/daa. Krav om grundig ras-analyse før regulering jf omsynssone ras, og ev avbøtande tiltak skal innarbeidast i plan.                                                   |                                                                                     |
| B14 | 58/1            | Flåtene II                          | Hjelmeland | Ca 15 bustader. Rekkefølgekrav jf § 11. Krav om grundig ras-analyse før regulering jf omsynssone ras,                                                                                                                                           |                                                                                     |

|     |                    |                |        |                                                                                                                                                                                                                                                     |              |
|-----|--------------------|----------------|--------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------|
|     |                    |                |        | og ev avbøtande tiltak skal innarbeidast i plan. Det kan finnast rester etter gravrøysa id. 44451 under dagens mark-overflate. Dette skal avklarast i samband med en framtidig reguleringsplanprosess, jf. undersøkingsplikta i kulturminnelova § 9 |              |
| B15 | 85/1               | Mosnes         | Fister | Utviding av ekst bustadfelt med max 2 nye tomter i sør.                                                                                                                                                                                             | Ekst båthamn |
| B16 | 74/2,3,9, 14 og 49 | Fister sentrum | Fister | Krav om samla reguleringsplan for alle delområda. Så langt som råd unngå dyrka mark. Totalt max 20 bueiningar.                                                                                                                                      |              |

### Eksisterande bustadfelt utan plan

Askvik, Hagebyen, Årdal v/sjøen (100/39), Årdal v/Riskedalsånå, Almenningen, Nordbygda 58/56  
Ølesundet, Pundsnes

#### § 13

I desse områda er fortetting av nye bustadeiningar i tråd med plan; og dette kan skje som ordinære byggesaker dersom fortettinga følgjer vilkåra i § 6. Bustadar i desse områda kan ha eit bebygd areal inntil 200 m2 og totalt bruksareal inntil 300m2. Garasje er tillete med bebygd areal inntil 50 m2.

### 5.2.2. Fritidsbustadar

Utbygging av fritidsbustader i Hjelmeland skal skje i regulerte felt. Spreidd hyttebygging i LNF - områda er det berre unntaksvis gitt rom for .

#### § 14 Rekkefølgjekrav

I regulerte hyttefelt kan ikkje ny utbygging skje før tekniske anlegg for veg, elektrisitet, parkering, vatn og avløp er tilfredsstillande etablert i tråd med godkjent teknisk plan.

#### § 15 Kopling med båthamner

Der det i kommuneplanen er kopling mellom hyttefelt og båthamn skal reguleringsplanen omfatte både hyttefelt og båthamn og det skal leggast inn rekkjefølgjekrav om at båthamnene skal etablerast før eller samstundes med utbygging av hyttefeltet.

#### § 16 Aktivitetsområde

I hyttefelt skal det setjast av areal til aktivitetsområde for barn. Nærare utforming av slike område vert det tatt særskild stilling til i aktuell reguleringsplan.

## Framtidige område for fritidsbustader med retningslinjer

| Nr  | Gnr/<br>Bnr          | Stad                         | Maks<br>ant.<br>nye<br>hytter | Retningslinjer                                                                                                                                                                                                                                                                                      | Retningslinje<br>for kopling<br>til felles<br>småbåthamn                                                                    |
|-----|----------------------|------------------------------|-------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| H1  | 23/1                 | Indre Eiane,<br>Jøsenfjorden | 4                             | Unngå dyrka mark og 100-mbeltet. Eksisterande og nye hytter skal ha felles båtanlegg tilknytt eksisterande molo. Krav om reguleringsplan for nytt og gammalt hytteområde + fellesfunksjonar                                                                                                         | S6                                                                                                                          |
| H2  | 134/11               | Tysdal, Årdal                | 15                            | Før ein kan gå vidare med reguleringsplan for området må det foreligge grundig ras- og flaumanalyse, og forslag til avbøtande tiltak mot risiko. § 10 om flaum og § 32 omsynssone ras skal leggjast til grunn for vidare planlegging. Badestranda skal leggjast til rette for allmenn ferdsel/bruk. |                                                                                                                             |
| H3  | 19/12                | Porsberg-Nesvik,<br>Jøsneset | 1                             | Krav om reguleringsplan for heile det gamle hytteområdet for 19/1 og 19/12. Krav om avklaring vedr parkering og felles tilkomstveg via FV 656. Det er ikkje rom for fellesanlegg for båt tilknytt feltet. Gnr 19 bnr 12 kan byggje eit enkelt naust, under føresetnad av avklaring med StVegvesen.  |                                                                                                                             |
| H4  | 13/1                 | Knutsvik sør,<br>Jøsneset    | 4                             | Vesentleg endring av reguleringsplanen for utbygging, jf sak 43/02, A-nemda. Båtplassar til sjø må vere på plass før vidare utbygging kan skje.                                                                                                                                                     | Felles småbåthamn skal etablerast innanfor regulert område R21.                                                             |
| H5  | 6/1 og<br>4/5        | Rosså, Ombo                  | 30                            | Krav om tilkomst frå vest, samt felles plan og grunneigarsamarbeid m.o.t. veg/avkjørsel og båthamn. Hyttestorleik skal følgje dei generelle føresegnene, dvs 90 m2. Hyttene skal terrengtilpassast. Det skal aktivt leggjast til rette for allmenn ferdsel. Omsynssone felles plan.                 | Felles småbåthamn skal anten etablerast innanfor regulert båt /naustområde i R 12 el i regulert område ved Vestersjø kai R9 |
| H6  | 1/32                 | Øyehavn,<br>Randøy           | 1                             | Krav om reguleringsplan for heile eigedomen. Hytta skal plasserast utanfor 100-m.beltet. Båtplass skal etablerast i eksisterande kai/brygge.                                                                                                                                                        | S 7                                                                                                                         |
| H7  | 90/1                 | Ostervika,<br>Randøy         | 10                            | Krav om båtplass i eller i tilknytning til eksisterande fellesområde. Tilrettelegging for min 5 gjestebåtplasser for allmennheita                                                                                                                                                                   | S9                                                                                                                          |
| H8  | 90/1                 | Knarravågen,<br>Randøy       | 20                            | 10 som fortetting og 10 som utviding av regulert område. Felles småbåtanlegg skal inngå i reguleringsplan. Tilrettelegging for min 5 gjestebåtplasser for allmennheita                                                                                                                              | S9                                                                                                                          |
| H9  | Mange<br>gnr/<br>bnr | Bønardalen,<br>Årdal         | 40                            | Krav om samordna/heilskapleg reguleringsplan kor hyttene skal samlast i mindre grupper, og ikkje plasserast for nær bekk eller elv. Utbygging skal skje i tilknytning til eksisterande vegar. Viktige landskap- og naturelement skal regulerast til friluftsområde. Omsynssone felles plan.         |                                                                                                                             |
| H10 | 33/1                 | Segadal,<br>Jøsenfjorden     | 3                             | Hyttene skal tilpassast terrenget og plasserast utanfor 100 m-beltet. Krav om                                                                                                                                                                                                                       | S10                                                                                                                         |



|                |            |                                  |                            |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                        |
|----------------|------------|----------------------------------|----------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------------------------------------|
|                |            |                                  |                            | fellesanlegg ved sjø i tilknytning til eksisterande naust/brygge. Aktiv tilrettelegging for ferdsel.                                                                                                                                                                                                                                                                                                    |                                        |
| H11            | 11/3       | Helgaland, Ombo                  | 10                         |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                        |
| H12            | 8/13, 11/8 | Gunnstølvatnet, Ombo             | 3                          |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                        |
| H13            | 18/4       | Fosså, Jøsneset                  | 3                          | Alle hytter over kote 50 + vilkår om båtplasser og felles tilkomstveg.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |                                        |
| H14            | 70/5       | Moldfallet, Fister               | 3                          | Felles småbåthamn                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       |                                        |
| H15            | 88/1       | Kåda, Randøy                     | 4                          | Feltet kan ikkje byggast ut før fylkesvegen er lagt om. Båtplassar skal løysast i eksisterande/regulert småbåthamn i Kådavågen                                                                                                                                                                                                                                                                          | Regulert småbåthamn i Kådavågen        |
| H16            | 1/6        | Askevika/Svinhagen, Randøy       | 28                         | Småbåthamna skal dekke alle godkjente utbyggingsområde på denne del av Randøy Viser elles til AFU-sak 107/09                                                                                                                                                                                                                                                                                            | S21 Valvika                            |
| H17            | 142/7      | Longhammarneset, Nessa           | 9                          | Nye hytter skal leggjast bak allereie godkjende felt, og båtplasser skal løysast i godkjent båthamn, ev med mindre korrigeringar av den. Krav om ny reguleringsplan for utvidingsområda + ev korrigering av molo.                                                                                                                                                                                       | Regulert/ekst båthamn.                 |
| H18            | 4/3,4 mfl  | Vestersjø, Ombo                  | 5 + ekst hytter            | Krav om felles plan for fleire eigedommar. Planen skal òg inkludere eksisterande hytter i området. Dersom ein skal ha båtplasser må desse knytast opp til regulert/godkjent båthamn aust for Vestersjø kai.                                                                                                                                                                                             | Regulert båthamn v/ Vestersjø kai      |
| H19            | 88/2,4 mfl | Kådavågen, Randøy                | 9 hytter + 2 utleigehytter | Krav:samla reg.plan for fleire eigedommar (omsynssone felles plan), inkl nye og eksisterande hytter i heile Kådavågen (inkl det arealet som alt er regulert R77). Dei to utleigehyttene skal plasserast inntil dei tre eksisterande. I planen skal fellesfunksjonar og strandsonevernet sikrast. Friområde langs sjø med mulegheit for fri ferdsel og sikring av nokre opne gjesteplassar i småbåthamna | Regulert småbåthamn i Kådavågen        |
| H20            | 47/2       | Breilandsvatnet Vest, Hjelmeland | 10                         | Ta omsyn til vassdraget m.o.t plassering av nye hytter/veg.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |                                        |
| H21            | 86/1,2     | Lysåsen, Fister                  | 15                         | Vilkår om at båtplasser skal løysast i eksisterande hamn Sigmundstad. Krav om innregulering av g/s-veg langsmed FV.                                                                                                                                                                                                                                                                                     | Regulert/ekst småbåthamn Sigmundstad   |
| H22            | 4/5        | Vestersjøåsen                    | 10 (+7 regulererte)        | Dersom ein skal ha båtplasser må desse knytast opp til regulert/godkjent båthamn aust for Vestersjø kai.                                                                                                                                                                                                                                                                                                | Regulert båthamn v/ Vestersjø kai      |
| H23            | 72/1       | Buhammar Hjelmeland              | 12                         | Unngå dyrka mark og grøntareal på toppen av åsen.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                       | S12 Vassvik                            |
| H24            | 3/1,2      | Bjørkåsen/Brevik, Randøy         | 10                         | Utanfor 100 m beltet. Fokus på landskapstilpassing.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                     | S19 –utviding av ekst hamn             |
| H25            | 91/1       | Gudlåsen, Randøy                 | Max 30                     | I reguleringsplan må ein avklare maks tal hytter, kor det skal vere grøntområde og gode løysingar for ulike trafikantergrupper                                                                                                                                                                                                                                                                          | Regulert/ekst båthamn i Sandangervågen |
| <b>25 felt</b> |            |                                  | <b>ca 310 hytter</b>       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                         |                                        |

## Retningslinjer for fritidsbustader

1. Maksimalt bebyggd areal for nye fritidsbustader skal fastsetjast i samband med reguleringsplan for hyttefelt.
2. For fritidsbustader skal det nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadane og stadeigne trekk i byggeskikken. Fritidsbustader skal vere i naturtilpassa fargar. Nye einskildtomter bør ikkje overstige 1 dekar.
3. Fritidsbustader skal gis ei mest mogleg skjerma plassering i terrenget. Plassering på høgdedrag skal unngåast. Terrengarbeid knytt til fritidseigedom skal avgrensast til eit minimum. Fritidsbustad bør plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon kan bevarast.
4. I nye felt for fritidsbustader i sjønære område skal det aktivt leggjast til rette for fri ferdsel langsmed sjø, samt opparbeiding av fellesanlegg. Generelle føresegnar i kap 4.2 skal gjelde òg for hyttefelt. Ved plassering av fritidsbustader skal det takast omsyn til tomte si utforming og allmenta si historiske rett til ferdsel i området. I 100 m-beltet vil det ikkje bli gitt løyve til å setje opp gjerde/sperringar som hindrar allmenta tilgang på strandsona. Gjerde, dominerande trapper, eksponerte luftstrekk for straum/telefon o.l. bør ikkje tillatast.
5. I regulerte hytteområde skal utbygging skje i samsvar med gjeldande reguleringsplan, med mindre ein gjennom kommuneplanen har opna opp for fortetting eller andre endringar, jf. tabelloversikt bak i teksteftet. Slike endringar av allereie regulerte område skal behandlast som ei vesentleg reguleringsendring.

## Retningslinje eksisterande byggeområde for hytter

For hytter som ligg i uregulerte byggeområde er det tillate å oppretthalde og utvide hytter etter føresegn § 25. Fortetting, ny utbygging, formålsendringar eller andre større endringar innan desse områda, er ikkje tillate, og vil eventuelt utløyse krav om reguleringsplan jf §§ 5 og 6.

### 5.2.3. Sentrumsformål

#### § 17 Sentrumsområde

I sentrumsområda er det tillate å kombinere formåla forretning og kontor med bustad. Bustadeininga skal etablerast i plan over 1.etasje då nedre plan skal nyttast til kunderetta formål. Reint bustadformål er ikkje tillate.

## Framtidige sentrumsområde med retningslinjer

| Gnr/Bnr   | Stad  | Bygd       | Tiltak                                                 | Retningslinjer                                                                                                         |
|-----------|-------|------------|--------------------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 62/1      | Sande | Hjelmeland | Utviding av forretningsområdet sør for RV13            | Blanda formål forretning, kontor og bustad. Trafikksikker kryssing av RV13 må vere etablert før utbygginga kan ta til. |
| 62/6,7,19 | Sande | Hjelmeland | Utviding av forretningsområdet austover frå Sandetorja | Blanda formål forretning, kontor og bustad. Særskilt tilrettelegging for allmenta ved sjøen.                           |

#### 5.2.4. Tenesteyting

Dei fleste bygningar og anlegg til offentleg og privat tenesteyting inngår i regulerte område, og blir forvalta etter gjeldande reguleringsplanar, jf liste bak i teksteftet.

##### Skular

Hjelmeland barne-og ungdomsskule: utvida areal sør-vestover, Årdal barneskule, Fister barneskule, Jøsneset barneskule, Jøsenfjorden barneskule

##### Barnehagar

Hjelmeland barnehage, Årdal barnehage, Fister barnehage, Randøy Barnehage, Jøsneset Barnehage, Jøsenfjorden Barnehage

##### Kyrkjer/bedehus

Kyrkjer og bedehus inngår i dette føremålet, og blir vist på plankartet. Gravplassar er eit eige formål, men gravplassar som ligg inntil kyrkje eller bedehus blir inkludert i same området.

| Stad                                                                                       |
|--------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hjelmeland kyrkje og bedehus:                                                              |
| Fister kyrkje og bedehus                                                                   |
| Årdal: gammel og ny kyrkje + bedehus<br>Gravplass er utvida mot vest inn til planlagd veg. |
| Jøsenfjorden kapell                                                                        |
| Sandanger bedehus                                                                          |
| Jøsneset bedehus og gravplass: utvida med p-plass                                          |
| Øye bedehus og gravplass                                                                   |
| Furutangen misjonssenter                                                                   |
| Vormedal bedehus                                                                           |
| Askvik bedehus                                                                             |
| Dalen bedehus                                                                              |

##### Forsamlingshus

Hjelmeland Samfunnshus og Spinneriet

Nessa ungdomshus

Årdal aktivitetshus

Vormedalen skule.

Fjellgardane Forsamlingshus, Ingvaldstad.

I tillegg til opplista bygg er det òg grendehusfunksjonar i bygdene knytt til skular/barnehagar.

#### § 18 Tjenesteyting

For dei områda som er nemnd ovanfor som ikkje inngår i reguleringsplan, kan enkel utviding og tilrettelegging innanfor området skje utan plankrav.

### 5.2.5. Fritids- og turistformål

#### Framtidige fritids/turistområde med retningslinjer

| NR  | Gnr/<br>Bnr | Stad                       | Tiltak                                       | Retningslinjer                                                                                                                                                   | Forholdet til<br>jordlova            |
|-----|-------------|----------------------------|----------------------------------------------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------------------------|
| RL1 | 101/7       | Sanitas,<br>Årdal          | Overnatting/<br>servering                    | Parken og området langs vatnet skal vere open for allmenta. Strandlinja skal regulerast som friområde, og det skal leggjast til rette for tursti langs vatnet.   |                                      |
| RL2 | 109/1       | Høiland Gard,<br>Årdal     | Gardshotell/<br>utleigehytter<br>/konferanse | I kommuneplanen er det gitt rom for utviding av eksisterande anlegg. Utviding utover det som går fram av gjeldande reguleringsplan R22, krev ny reguleringsplan. | Jordlova § 9<br>og 12 skal<br>gjelde |
| RL3 | 63/5        | Pundsnes,<br>Hjelmeland    | Utleigehytter                                | Fellesbrygge, 4 hytter                                                                                                                                           | Jordlova § 9<br>og 12 skal<br>gjelde |
| RL4 | 35/1        | Tøtlandsvik,<br>Vormedalen |                                              | Spesielt omsyn til elvefaret og strandsone. Ved utbygging skal ikkje elvefaret endrast, og det skal leggjast vekt på å få til estetisk gode løysingar            | Jordlova § 9<br>og 12 skal<br>gjelde |
| RL5 | 39/6,<br>9  | Fossane,<br>Vormedalen     |                                              | Utbygginga må ikkje skade/påverke verdier knytta til verna vassdrag                                                                                              | Jordlova § 9<br>og 12 skal<br>gjelde |
| RL6 | 19/5        | Nesvik,<br>Jøsneset        |                                              | Det kan etablerast inntil 6 reiselivsbygningar.                                                                                                                  |                                      |
| RL7 | 2/1         | Øyehabn,<br>Randøy         |                                              | Vertshus, båtservice, overnatting, småbåhamn,                                                                                                                    |                                      |
| RL8 | 8/18        | Tjueneset,<br>Ombo         | Utleigehytter                                | Krav om ny plan for heile feltet, tilfredstillande tilkomst og byggehøgder jf stormflo § 10. Nausthytter.                                                        | Jordlova § 9<br>og 12 skal<br>gjelde |

#### § 19 Jordlova § 9 og 12 skal gjelde for :

RL2 Høiland, RL3 Pundsnes, RL4 Tøtlandsvik, RL 5 Fossane, RL8 Tjueneset

#### Retningslinje eksisterande utleigehytter

For eksisterande utleigehytter som ligg i uregulerte område utanfor 100m-beltet er det tillate å oppretthalde og utvide hytter etter føresegn § 25. Fortetting, ny utbygging, formålsendringar eller andre større endringar innan desse områda, er ikkje tillate, og vil eventuelt utløyse krav om reguleringsplan jf §§ 5 og 6.

## 5.2.6. Råstoffutvinning

### Framtidige råstoffutvinningsområde med retningslinjer

| Nr. | Gnr/bnr        | Stad                   | Bygd         | Tiltak    | Retningslinje                                                                                                                                                                                                                                                                      |
|-----|----------------|------------------------|--------------|-----------|------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| RS1 | 64/3           | Kleppaheia             | Hjelmeland   | steinbrot |                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| RS2 | 6/1            | Rosså                  | Ombo         | steinbrot |                                                                                                                                                                                                                                                                                    |
| RS3 | 88/2           | Randåsen vest          | Randøy       | skifer    | Uttak i området skal ta særskild omsyn til registrert naturkvalitet i området jf Naturbasen–kystfuruskog.                                                                                                                                                                          |
| RS4 | 35/1           | Vikemoen, Tøtlandsvik  | Vormedalen   | grus      | Plankrav for ev nytt uttak. Eksisterande.                                                                                                                                                                                                                                          |
| RS5 | 129/3 og 130/1 | Tveit aust             | Årdal        | Grus      | Samla plan med areal sør for fylkesvegen+ eksisterande grustak. Omlegging av fylkesvegen må inngå i planen. Masseuttak skal ikkje skje i område som er påverka av flaum i vassdraget, eller område nærare enn 50 m frå elva. Det skal heller ikkje gjerast endringar i elvelaupet. |
| RS6 | 32/1           | Littlemo v/ Moldbakken | Jøsenfjorden | grus      | Eksisterande, uregulert, i drift                                                                                                                                                                                                                                                   |
| RS7 | 134/4          | Tysdalsvatnet          | Årdal        | Grus      | Eksisterande uttak i drift                                                                                                                                                                                                                                                         |
| RS8 | 70/3           | Mjølhus                | Hjelmeland   | Steinbrot | Plankrav det m.a. landskapsomsyn og avbøtande tiltak for ev risiko skal sikrast                                                                                                                                                                                                    |

### Retningslinjer

1. Ved regulering til uttak må det takast omsyn til landskapsbilete og sikre estetisk gode løysingar. Randsoner og kantvegetasjon, spesielt inntil vassdrag, skal takast vare på.
2. Ved regulering til råstoffutvinning må tryggleiksomsynet til nærmiljøet vere ivaretatt og sikra.
3. Områda skal tas ut etappevis, og det skal utarbeidast tilbakeføringsplan av uttaka til landbruksformål når uttaket opphøyrer.

### 5.2.7. Næringsverksemd

#### Framtidige næringsområde med retningslinjer :

| Nr. | Gnr/<br>Bnr           | Stad                     | Tiltak                                                               | Retningslinjer                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                            |
|-----|-----------------------|--------------------------|----------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 11  | 71/1                  | Viganeset,<br>Hjelmeland | Utviding austover frå allereie regulert industriområde               | Sjølve Essvika skal haldast fri, og det skal tas omsyn til kaste- og låssettingsplassen i reguleringsplanen. Samla avkjørsel med industriområdet i vest.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                  |
| 12  | 86/1                  | Sigmundstad,<br>Fister   | Næring                                                               | Det er ikkje krav om reguleringsplan. Skal legge til rette for allmenta                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| 13  | 7/6                   | Vestersjø,<br>Ombo       | Endre frå offentleg formål til næring                                | Området er lite, og kan utviklast utan plankrav                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 14  | 8/27                  | Skår/Aukland,<br>Ombo    | Lager og utskipingsområde for framtidig råstoffutvinning på Aukland. | Ved regulering av industriarealet skal det leggjast vekt på at fornminnet i området vert sikra. Fornminnet skal vere ein del av reguleringsplanen og industriarealet skal halde god avstand til fornminnet. Industriarealet skal opparbeidast på ein estetisk god måte, der inngrepa i strandsona skal vere minst moglege.                                                                                                                                                                                                |
| 15  | 142/3                 | Steinsvika,<br>Nessa     | Havbruk                                                              | Skal berre nyttast til føremål som er knytta til oppdrettslokaliteten i området.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| 16  | 63/1,<br>18,77<br>mfl | Pundsnes,<br>Hjelmeland  | Lettindustri kombinert med bueningar.                                | Større industri- og lagerbygningar som medfører ulemper i form av støy, luftforureining eller stor trafikk tillatast ikkje i dette området. Maks mønehøgde 13 m, max bebygd areal = 50 %. I reguleringsplan må næringsformålet avgrensast til lettare industri ev meir spesifikt kva type næring ein legg til rette for + noko begrensa moglegheit for leilegheiter i industribygg. Det skal ikkje leggjast til rette for handel i dette området. Trafikksikkerheit og uteareal for bustadeiningane må ivaretas særskild. |
| 17  | 74/2                  | Fister Sentrum           | Smoltanlegg                                                          | Samla plan med krav til byggutforming, terrengtilpassing og avstand til sjø. Plankrav både for dette nye området, og området som Fister smolt alt disponerer. Ev kulturminne samt avbøtande tiltak m.o.t. ev flaum/stormflo/geotekniske forhold må sikrast i planen. Strandområdet i sørlege del blir avsett til park med tilkomst for allmenta samt badeplass.                                                                                                                                                           |
| 18  | 100/<br>38 mf         | Årdalstunet,<br>Årdal    | Forretningsområde                                                    | Utviding i vest med krav om ny reguleringsplan. Jf vedtak areal-og forvaltingsutval 18/09, 11.03.09.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                      |
| 19  | 6/1                   | Saltøy, Rosså<br>Ombo    | Næring-og forskningsstasjon, hummer                                  | Kopling til S17                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| 110 | 81/3                  | Hetlandsbygda,<br>Fister | Industriområde                                                       |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |

### 5.2.8. Idrettsanlegg

Dei fleste idrettsanlegg i kommunen ligg i regulerte område, og blir forvalta i tråd med desse.

#### Framtidig idrettsområde med retningslinje:

| Gnr/<br>Bnr | Stad        | Bygd       | Tiltak              | Retningslinje                                                                                                                                                                                                        |
|-------------|-------------|------------|---------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 71/5,7      | Viganeset   | Hjelmeland | Aktivitets-<br>park | Området skal regulerast til aktivitetspark, som t.d. gocartbane, R/C-bane, ATV og/eller Paintballbane. Det skal ikkje tillatast store bygg i området. Ved regulering skal omsynet til kulturminna i området sikrast. |
| 79/1        | Ingvaldstad | Hjelmeland | Skytebane           |                                                                                                                                                                                                                      |

### 5.2.9. Andre typer bebyggelse

#### Naust, brygger og småbåthamner

I dette arealbruksformålet har ein samla all utbygging av fellesanlegg som er knytt til naust, brygger og småbåthamner, både på land- og sjøareal. Det er krav om reguleringsplan til desse byggeområda. Der det er kopling til konkrete hytte- eller bustadområde, er det krav om ein felles plan for både hyttefelt/bustadfelt og fellesanlegg ved sjø.

#### Framtidige småbåthamnrområde med retningslinjer

| Nr | GNR<br>BNR                | Stad                         | BYGD       | Retningslinjer                                                                                                                                                                                                                                                                          | Retnings-<br>linje for<br>kopling<br>til bygge-<br>område |
|----|---------------------------|------------------------------|------------|-----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------------------------------------------------|
| S1 | 19/3                      | Nesvik                       | Jøsneset   | I tilknytning til kommunal kai. Ikkje knytt til spesielt byggefelt: skal vere open for andre.                                                                                                                                                                                           |                                                           |
| S2 | 63/1                      | Pundsnes                     | Hjelmeland | Utviding av eksisterande båthamn.                                                                                                                                                                                                                                                       |                                                           |
| S3 | 74/3<br>m.fl              | Fistervågen                  | Fister     | Utbygd med pirar, moloar, naust frå før. Krav om samla plan for strandsona, med fokus på skikkelege fellesanlegg for båt; ev. òg felles bod/naustanlegg. Ikkje knytt til særskilt byggefelt. Eksisterande bustader/fritidsbustad skal inngå i planen. Allmenn ferdsel skal prioriterast |                                                           |
| S4 | 141/4,<br>11 mfl<br>142/1 | Nessa ved og sør<br>forkaien | Nessa      | Naust og bryggeområde som kan vidareutviklast gjennom samla plan for heile området. Reiseliv kan etablerast i området nord for kaien. Rom for fellesanlegg for båt i form av flytebrygger nordvest for kaien.                                                                           |                                                           |

|     |        |                          |              |                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |          |
|-----|--------|--------------------------|--------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|----------|
|     |        |                          |              | Anlegget skal vere opent for alle. Parkering må avklarast                                                                                                                                                                                                                                                |          |
| S5  | 58/123 | Nordbygda                | Hjelmeland   | Sjå kommuneplanen 2006-under regulering 2010                                                                                                                                                                                                                                                             | B2 og B4 |
| S6  | 23/1   | Indre Eiane              | Jøsenfjorden | Her er det gitt rom for fortetting av hytter. Krav om felles anlegg i eksisterande molo. Småtrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                                                                                                                                                                | H1       |
| S7  | 1/32   | Øyehabn                  | Randøy       | Krav om felles anlegg i tilknytning til eksisterande brygge. Trafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                                                                                                                                                                                               | H6       |
| S8  | 2/1    | Øyehabn                  | Randøy       | I tilknytning til framtidig område for fritids- og turistføremål, men kan òg nyttast som fellesanlegg for andre. Det er ikkje tillatt med faste steinfyllingar. Trafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                                                                                            | RL7      |
| S9  | 90/1   | Ostervika<br>Knarravågen | Randøy       | Ved utviding av hyttefeltet, skal nye båtplassar etablerast i tilknytning til eksisterande fellesanlegg. Det er ikkje tillatt med faste steinfyllingar. Ta omsyn til eksisterande badeplass. Tilrettelegging for min 5 gjesteplasser                                                                     | H7 og H8 |
| S10 | 33/1   | Segadal                  | Jøsenfjorden | Fellesanlegg for nye og eksisterande fritidseiningar. Lokalisering i tilknytning til eksisterande anlegg/naust.                                                                                                                                                                                          | H10      |
| S11 | 100/1  | Årdal Båthamn            | Årdal        | Utviding av eksisterande felles båthamn for Årdal. Båtgarsje/naust skal vere relativt låge og delast opp i mindre bygningsgrupper, slik at det ikkje blir ein samanhengande vegg. Maks 30 m <sup>2</sup> pr eining. Analyse av grunnforholda i sjø i reguleringsplanprosessen. Friområde sør for nausta. |          |
| S12 | 72/1   | Vassvik                  | Hjelmeland   |                                                                                                                                                                                                                                                                                                          | H23      |
| S13 | 32/1   | Haugevika                | Jøsenfjorden | Utvidinga må skje vestover; inn i terrenget, ikkje meir fylling. Ikkje knytt til spesielt byggeområde, skal vere open for alle. Småbåttrafikken skal styrast unna K/L-plassen                                                                                                                            |          |
| S14 | 27/1   | Østerhusvika             | Jøsenfjorden | Ikkje rom for private naust, men utviding og oppgradering av dagens småbåthamn som felleshamn/open for alle + tilrettelegging for ferdsel/opphald langs sjøen. Reguleringsplanen må innehalde føresegner for skjøtsel av den sårbare arten skjeggknoppurt.                                               |          |
| S15 | 64/4   | Kleppa                   | Hjelmeland   | Fellesanlegg for fastbuande og andre i området                                                                                                                                                                                                                                                           |          |
| S16 | 139/19 | Svadberg                 | Årdal        | Plankrav for både hamn og naust.                                                                                                                                                                                                                                                                         |          |



|     |                  |                        |        |                                                                                                                                                                                                                                                       |                    |
|-----|------------------|------------------------|--------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|--------------------|
|     |                  |                        |        | Krav om fri ferdsel langsmed sjøen. Anlegget kan utvidast ut over det som er skissert i innspelet. Dette berører ikkje naboeigedom, spare stranda og dyrka mark. Moloen kan leggjast lengre ut og det kan leggjast båtar på innsida dvs lage kaikant. |                    |
| S17 | 6/1              | Saltøyna, Rosså,       | Ombo   | Kai for nærings- og forskningsstasjon.                                                                                                                                                                                                                | industri-område I9 |
| S18 | 84/2             | Helgøy,                | Fister | Småbåthamn og naust                                                                                                                                                                                                                                   |                    |
| S19 | 3/1,2            | Breivik/<br>Bjørkåsen  | Randøy | Utviding av båthamn, ca 10 nye plasser                                                                                                                                                                                                                | H24                |
| S20 | 1/9              | Ølesundet nord         | Randøy | Fellesanlegg for bustadfeltet                                                                                                                                                                                                                         | B3                 |
| S21 | 1/6              | Valvika                | Randøy | Fellesanlegg for hyttefelt                                                                                                                                                                                                                            | H16                |
| S22 | 100/5,<br>26,123 | Melslia<br>Naustområde | Årdal  | Krav om samla plan for heile naustområdet. Max 5 nye naust i tillegg til eksisterande. Nye naust max 30 m <sup>2</sup> , enkle brygger max 10 m lengd. Tilrettelegge for fri fersel. Sjå elles føresegnene nedanfor.                                  |                    |
| S23 | 8/6              | Aukland                | Ombo   | 1 båtgarasje, maks 45 m <sup>2</sup>                                                                                                                                                                                                                  |                    |

### Eksisterande område med retningslinjer

|  |      |         |          |                                                 |
|--|------|---------|----------|-------------------------------------------------|
|  | 14/3 | Skiftun | Jøsneset | Skal byggast ut i tråd med vedtak i sak 08/1116 |
|--|------|---------|----------|-------------------------------------------------|

#### § 20 Naust, brygger og småbåtanlegg

Nye naust-, brygge- og småbåtanlegg skal samlast i fellesanlegg for fleire eigedommar gjennom reguleringsplan; eventuelt som del av reguleringsplan for nytt byggjeområde jf tabell. Nye anlegg skal fortrinnsvis lokalisert inntil eksisterande anlegg. Frittliggjande naust og enkeltbrygger til enkelteigedommar er ikkje ønskjeleg.

Det skal leggjast særskilt vekt på god estetisk utforming både av brygge/moloanlegg og av eventuelt tilhøyrande fellesbygg. Det tillatast ikkje tilfeldig dumping av stein for å opparbeide molo: stein skal løs/plastrast å få ei estetisk tilfredsstillande utforming.

Det skal leggjast vekt på å opparbeide anlegga òg som trivelege felles møteplassar for nærmiljøet. T.d. skal ev. nærliggjande areal egna til bading/opphald leggjast til rette for og sikrast til dette formål.

Fellesbygg t.d. i form av fellesnaust/fellesbodas/sjøbodas o.l. er ønskjeleg i tilknytning til store hytte/bustadfelt. Det skal ikkje leggjast til rette for opphald i desse bygga; dei skal ha rein lager- og servicefunksjon knytt til bruk av båt.

**Naust**(definisjon) er eit lagringsbygg for båt, plassert på land. For einskild naust på enkelteigedom i byggjeområde skal bebygd areal ikkje overstige 30 m<sup>2</sup>. For brygge på einskildeigedom skal bebygd areal ikkje overstige 15 m<sup>2</sup>, og breidde på toppdekket ikkje overstige 1,8 m. Det kan gjerast unntak ved behov knytt til næringsverksemd.

**Båtgarasje** (definisjon) er ein lagringsplass/bygg for båt, plassert i sjø, slik at båtane kan kjøre direkte inn under tak. Båtgarasje skal ha ei estetisk god utforming, utan større vindauge. Båtgarasjar skal som hovudregel inngå i fellesanlegg, og der naust av andre grunnar er mindre høveleg. Retningsgjevande storleik for båtgarasjer vert sett til 45m<sup>2</sup> BYA.

**Fellesbygg** inndelt med boder i tilknytning til felles båtanlegg kan vere større enn private naust, men storleik må først og fremst tilpassast terreng og landskap. Bygga skal ikkje vere større enn tenleg og naudsynt i forhold til tal einingar og lagerbehovet. Storleik på fiskeribaserte naust vurderast særskild

Eventuelle naust skal gis ei fasadeutforming som samsvarer med bruken og utformast etter lokal byggeskikk. Bygningen skal ha enkel kledning og skal ikkje isolerast. Kvist blir ikkje godkjent. Det skal nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadane og stadeigne trekk i byggeskikken

Brygge for enkelteigedom skal vere nøkternt utforma og bør avgrensast til det nødvendige for å sikre eigedomen sin tilkomst. Brygger skal gis ei god terrengtilpassing. Sprengingstiltak i samband med brygge, vert normalt ikkje tillete.

Naust, brygger, fortøyingar o.l. skal lokalisrast slik at ein tar omsyn til ålmenta og vanleg ferdsel i strandsona.

Enkeltnaust/enkeltbrygger utanom byggeområder er ikkje tillatt, med mindre dei er tilknytta stadbunden næring, jf regelverket for LNF. Unntak gnr 19 bnr1 Nesvik; eit enkelt naust kan etablerast i tilknytning til opparbeida veg/rampe frå ferjekaien. Vilkår: godkjent avtale m/ Statens vegvesen og tilrettelegging for fri ferdsel.

### 5.2.10. Grav- og urnelund

Gravplassar i tilknytning til kyrkje eller bedehus blir lagt inn saman med desse under føremålet kap. 4.2.4. Tenesteyting

| Stad           | Retningslinje                                                                                                        |
|----------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Jøsenfjorden   | Arealet kan utvidast mot nord, som òg inkluderar tilkomstarealet/ev parkering. Opparbeidinga kan skje utan plankrav. |
| Vormedalen     | Avgrensing slik at det blir naturleg mot dyrka mark rundt.                                                           |
| Kåda/Sandanger |                                                                                                                      |

## 5.3. Samferdselsanlegg og infrastruktur

### 5.3.1. Veg

#### Framtidig Riksveg 13 og framtidige Fylkesvegar.

Viser til kapittel 4.7.2 framtidig infrastruktur

#### Framtidig Kommunal veg

| STREKNING             | TILTAK                                          | RETNINGSLINJE                                                                                   |
|-----------------------|-------------------------------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------|
| RV13 – Melslia, Årdal | Omlegging av tilkomstveg til Melslia bustadfelt | Avbøtande tiltak i forhold til grunn- og stigningsforhold må avklarast nærare på detaljplannivå |

#### Gang- og sykkelveg

Definisjon gang- og sykkelveg: opparbeida trasè for gåande/syklande, fast dekke i breidde 2,5 – 3 meter.

#### Framtidige gang- og sykkelvegtrasear

| STREKNINGAR                      | TRASÈTYPE              | RETNINGSLINJER                                                                                                                                                                                                                                                    |
|----------------------------------|------------------------|-------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Klokkarjordet – Mosnes, Fister   | Langs FV 634. Skuleveg | Krav om reguleringsplan før utbygging. Trasèen skal fortrinnsvis vurderast som gang- og sykkelveg på vestsida av Fylkesveg: i alle fall i områda lengst i nord og der terreng/busetnadforhold tillet det. Forøvrig vurderast enklare standard: gangveg el fortau. |
| Storå Bru – Sedbergsmoen, Årdal  | Langs Rv 13.           | Krav om reguleringsplan før utbygging. Standardkrav må sjåast i forhold til at RV13 kan bli omlagd, og vegen blir nedklassifisert til fylkesveg                                                                                                                   |
| Askvik (Kleppakrossen – Hundses) | Langs Fv 631           |                                                                                                                                                                                                                                                                   |
| Riskedalsvatnet                  | Langs RV13             |                                                                                                                                                                                                                                                                   |

### 5.3.2. Parkeringsplassar

| STAD                        | TILKNYTTA                                                                 | RETNINGSLINJER                                          |
|-----------------------------|---------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------|
| Kleivaland, Vormedalen      | Utfartsområde: turistforeningen sitt rutenett Vormedalsheia/Ryfylkeheiane |                                                         |
| Lyngsheia, Årdal            | Skiutfartsområde                                                          | Utviding av eksisterande parkering v/ folkehjelpshytta. |
| Lyngsheia v/Sandvatn, Årdal | Skiutfartsområde                                                          |                                                         |
| Hovda                       | Badeplass/turområde.                                                      | Skal plasserast på austsida av Fv.                      |

**Offentlege kaiar:** markert på plankartet. **Årdal kai:** utvida austover jf plankart.

## 5.4. Grøntstruktur

§21 Tiltak innanfor formål grøntstruktur skal ikkje kome i berøring/konflikt med automatisk freda kulturminne eller virke skjemmande på desse. Etablering av turveg gjennom område med automatisk freda kulturminne skal skje i samråd med RFK-kultur

### 5.4.1. Naturområde

| GNR/BNR   | Stad           | Bygd       | RETNINGSLINJE                                                 |
|-----------|----------------|------------|---------------------------------------------------------------|
| 59/21 mfl | Hjelmelandsåna | Hjelmeland | Elva med tilhøyrande randsone skal haldast fri for utbygging. |

### 5.4.2. Turdrag

#### Hovudturveg

Gjeld Stavanger Turistforening sitt løypenett i heia

#### Lokalturveg

Gjeld turtrasèar som er lagt inn i kommunen sitt turstikart "Turgleder i Hjelmeland" + forslag til nye trasear som framgår av tabell nedanfor:

#### Framtidige lokale turvegtrasèar med retningslinjer:

| STREKNINGAR                                  | RETNINGSLINJER                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                 |
|----------------------------------------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Hetlandsvatnet – Fistervågen                 | Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trase i plankartet er rettleiande.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| Steinslandsvatnet rundt                      | Krav om reguleringsplan før etablering. Innteikna trasè i plankartet er rettleiande. Ved endeleg trasèvalg skal ein ta omsyn til dyrka mark, tun og anna fast busetnad.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                        |
| Prestavegen: Årdal – Espeland                | Turstitraseen er kulturhistorisk og går enkelte stader gjennom/langs fornminne. Traseen skal ikkje opparbeidast i grunnen. Kun enkle tiltak som merking/skilting er tillate, men då ikkje innafor automatisk freda kulturminne. Merkinga bør i størst mogleg grad følge opprinneleg trasè. Enkelte trasèomleggingar av omsyn til tun, dyrka mark, fornminne el. anna kan likevel gjerast. Plan for merking/skilting av traseen skal godkjennast av Rogaland Fylkeskommune Kultur og avklarast med grunneigarar før etablering. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak. Omsynet til beitedyr skal òg vektleggjast; mogleg behov for ferister/gjerdeklyverar |
| Årdalsjøen – Svaberg                         | Omsyn til landbruket skal ivaretas                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                             |
| Svaberg – Leirberget                         | Etablering av tursti skal skje i samråd med grunneigarar. Dyrka mark og tun skal unngås. Synleggjering av kulturminner, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                          |
| Riskedalsvatnet sør                          | Etablering av tursti skal skje i samråd med grunneigarar. Dyrka mark og tun skal unngås. Synleggjering av kulturminne, kulturlandskap, naturtypar o.a. undervegs er positive tilretteleggingstiltak.                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                           |
| Hauge bru – industriområde Vadla, langs Ulla |                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                                |

### 5.4.3. Friområde

| Gnr/<br>Bnr  | Stad                                                     | Bygd          | Tiltak                             | Retningslinjer                                                                                                                                                                                                                                                             |
|--------------|----------------------------------------------------------|---------------|------------------------------------|----------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| 32/21        | Haugevika                                                | Jøsenfjorden  | Friområde/<br>badeplass            | Reguleringsplanen er unøyaktig her, men badeplassen vest for molo/fellesbygg skal ivareta ubegygd som felles badeplass.                                                                                                                                                    |
| 101/1<br>mfl | Sanitas                                                  | Årdal         | Friområde/<br>badeplass/<br>tursti | Strandsona ned mot Riskedalsvatnet skal haldast open for allmenta, og det kan etablerast tursti langsmed vatnet.                                                                                                                                                           |
| 102/1        | Riskedals-<br>vatnet                                     | Årdal         | Offentleg<br>badeplass             |                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 59/1         | Hjelmen                                                  | Hjelmeland    | Naturområde/<br>turområde          | Området ligg sentralt i tettstaden Hjelmeland, og er eit mykje brukt turområde. Ved etablering av ein friluftsscene kan ein vitalisere området enda meir med t.d. kulturarrangement. Ved tilrettelegging i området skal ein ta særskild omsyn til registrerte naturverdiar |
| 89/1         | Søre<br>Børøyholmen                                      | Fisterfjorden | Båtutfart                          | Området skal forvaltast i tråd med servituttavtalen                                                                                                                                                                                                                        |
| 100/4<br>mfl | Strandsone<br>mellom<br>båthamn og<br>industri<br>område | Årdal         | Friområde                          |                                                                                                                                                                                                                                                                            |
| 100/3        | Strandsone<br>mellom Årdal<br>brygge og kai              | Årdal         | Friområde/<br>badeplass            | Skal haldast open for allmenta. Kan oppgraderast                                                                                                                                                                                                                           |

#### Retningslinjer til grøntstruktur-områda

1. Grøntstrukturuområda er viktige både av landskaps- og rekreasjonsmessige omsyn. Det er difor viktig å ivareta landskapskvalitetar og halde områda mest mogleg komplette og samanhengjande.
2. Langs turvegdraga skal det leggjast til rette for skilting, merking og naudsynt tilrettelegging for trygg ferdsel for gåande.
3. I friområda kan det gjerast tilretteleggingstilak for allmenta i tråd med formålet

## 5.5. LNF - Landbruk, natur og friluftsområde

**§ 22** På landbrukseigedommar som hovudsakleg ligg i 100m-beltet kan det oppførast naudsynnte bygningar, mindre anlegg og opplag knytt til landbruksverksemd nærare enn 100 m frå sjøen, dersom 1) ein ikkje kan finna alternativ plassering og/eller 2) det blir plassert i tilknytning til eksisterande tun. Ved plassering skal det tas omsyn til andre vesentleg interesser jf PBL § 1-8

**§ 23** Eksisterande lovleg utbygde bustad/fritidsbustadeigedomar utanfor 100-metersbeltet til sjø og vassdrag i LNF-områda, definerast som etablert spreidd busetnad etter pbl § 11-7 nr. 5 b

**§ 24** Eksisterande bustader i LNF-område jf § 23 kan utvidast under føresetnad av at totalt bebygd areal for bustaden ikkje overstiger 200 m<sup>2</sup>, og totalt bruksareal ikkje overstig 300 m<sup>2</sup>. Garasje er tillete med bebygd areal inntil 50 m<sup>2</sup>

Rettleiaren "Byggeskikk i Hjelmeland" skal leggjast til grunn for utforming av nye hus og tilbygg til eksisterande.

**§ 25** Eksisterande fritidsbustader i LNF-område jf §23 kan utvidast under føresetnad av at totalt bebygd areal under tak ikkje overstig 90 m<sup>2</sup>. Totalt skal bebygd areal ikkje overstige 110 m<sup>2</sup>.

Det kan først opp 1 frittliggande bygg som uthus, bod og anneks til kvar hytteeining, på vilkår av at bygget får ei god terrengmessig tilpassing og ligg så nær hovudhytte at det ikkje kan danne sjølvstendig eining. Arealet skal inngå i totalt BYA under tak på 90 m<sup>2</sup>.

**§ 26** Dersom utviding av eksisterande bygningar eller oppføring av frittliggande bygg innanfor LNF kjem i konflikt med automatisk freda kulturminne, skal saka sendast på høyring til Rogaland Fylkeskommune, kulturseksjonen.

Terrengarbeid knytt til eksisterande bebygde eigedommar skal avgrensast til eit minimum, og ev. tilbygg skal plasserast slik at mest mogleg av eksisterande vegetasjon kan bevarast, og ikkje nærare vassdrag enn 50 m.

### Retningslinjer

Ved eventuelle dispensasjonar for nye hytter og hus i LNF-områda, gjeld § 24 og 25 tilsvarende.

### 5.5.1. Spreidd bustad i LNF

Hjelmeland kommune har eit spreidd bumønster frå før, som kommunen ynskjer å vidareføre: dvs ein vil ha bustadutvikling spreidd i alle grender. I desse områda unngår ein reguleringsplan og dispensasjonar – og bustadformål er i tråd med planen.

#### § 27    **Vilkår knytt til bustadbygging i LNF-områda for spreidd bustadbygging:**

- 27-1    Bustader skal ikkje plasserast på eller nært inntil fulldyrka mark.
- 27-2    Tilkomstvegar skal leggjast slik at det i minst mogleg grad: 1) kjem i konflikt med gardstun eller landbruksvegar 2) kjem på dyrka mark eller 3) fragmenterer landbruksområde
- 27-3    Bustader skal ikkje plasserast nærare landbruksbygg el anna næringsverksemd enn 50 meter.
- 27-4    Bustader skal plasserast minimum 30 frå automatisk freda kulturminne. Søknader om nye bustader i LNF-SB-områder skal sendast på høyring til Rogaland Fylkeskommune, kulturseksjonen før vedtak blir fatta.
- 27-5    Bustader skal plasserast minimum 50 meter frå sjø og vassdrag, og minimum 20 meter frå høgspenlinjer.
- 27-6    Bustader skal plasserast minimum 50 meter frå riksveg, 15 meter frå fylkesveg og 5 meter frå kommunal veg. Bustader skal fortrinnsvis knytast til eksisterande, godkjente avkjørsler, og skal ha godkjent vatn- og avløpsanlegg.
- 27-7    Der det skal byggjast ei gruppe på fleire enn 3 hus er det krav om godkjent detaljplan. Ei gruppe er bygg som er planlagd nærare kvarandre enn 200 m i rett linje.
- 27-8    Storleik bustader i desse områda er lik som for § 24

#### § 28    **Rekkefølgekrav**

Før det blir gitt bygge- og deleløyve innanfor desse områda, skal det liggje føre:

- eigenerklæring/analyse om risiko-og sårbarheitsforhold (ROS-analyse) m.o.t. lokalisering av den enkelte bustad, jf. PBL § 28-1.

-godkjent avkjørselsløyve frå Statens vegvesen.

## Område for LNF - spreidd bustadbygging

| Område Nr                 | Stad                                     | Bygd          | Tal nye hus       |
|---------------------------|------------------------------------------|---------------|-------------------|
| SB 1                      | Randa/Kåda                               | Randøy        | 5                 |
| SB2                       | Sandanger Sør                            | Randøy        | 3                 |
| SB 3                      | Sandanger Nord                           | Randøy        | 3                 |
| SB 4                      | Laugaland Sør                            | Vormedal      | 1                 |
| SB 5                      | Laugaland Nord                           | Vormedal      | 1                 |
| SB 6                      | Mæland-Fossane                           | Vormedal      | 2                 |
| SB 7                      | Tøtland                                  | Vormedal      | 2                 |
| SB 8                      | Breiland                                 | Breiland      | 1                 |
| SB 9                      | Hetlandsvatnet/Heggland                  | Breiland      | 3                 |
| SB 10                     | Skår                                     | Ombo          | 4                 |
| SB 11                     | Haustavik                                | Ombo          | 1                 |
| SB 12                     | Fosså-Nesvik                             | Jøsneset      | 4                 |
| SB 13                     | Skiftun-Knutsvik-Asheim                  | Jøsneset      | 5                 |
| SB14                      | Ingvaldstad                              | Hjelmeland    | 3                 |
| SB15                      | Nessa                                    | Nessa         | 2 = alt frådelt   |
| SB 16                     | Nessa, ved sjøen                         | Nessa         | 2                 |
| SB 17                     | Bratthetland                             | Hetlandsbygda | 3                 |
| SB 18                     | Lid                                      | Fister        | 2                 |
| SB 19                     | Espeland                                 | Hjelmeland    | 3                 |
| SB 20                     | Vadla                                    | Jøsenfjorden  | 2                 |
| SB 21                     | Hauge                                    | Jøsenfjorden  | 2                 |
| SB 22                     | Nesvik                                   | Jøsneset      | 4                 |
| SB 23                     | Hundsnes                                 | Hjelmeland    | 2 =alt frådelt    |
| SB 24                     | Vestersjø                                | Ombo          | 2                 |
| SB 25                     | Øvrehus                                  | Fister        | 2                 |
| SB26                      | Breivik                                  | Randøy        | 1=alt frådelt     |
| SB27                      | Øye (nytt ift 2006plan)                  | Randøy        | 4                 |
| SB28                      | Hetlandsbygda (79/3) (nytt ift 2006plan) | Fister        | 2                 |
| SB29                      | Vigane                                   | Breiland      | 2                 |
| SB30                      | Hauaneset                                | Jøsenfjorden  | 1                 |
| <b>Totalt tal nye hus</b> |                                          |               | <b>75 nye hus</b> |

### Retningslinjer

1. I desse LNF-SB-områda er frådeling til bustadformål i tråd med planen. Frådelingar skal behandlast etter jordlova.
2. Dersom frådeling etter jordlova er gitt, er det ordinær byggesaksbehandling knytt til utbygging innanfor desse områda.
3. Ved plassering av nye bustader skal ein òg vise omsyn til registreringar i Barnetråkk.
4. Ved plassering/bygging av nye hus i SB10 Skår skal ein ta særskilt omsyn til bekkedalen, som er registrert som ein viktig naturtype i området.



### 5.5.2. Spreidd fritidsbustader i LNF

§ 29 Storleik fritidsbustader i desse områda er lik som i § 25, med mindre retningslinjene nedanfor seier noko anna.

#### Framtidige område for LNF - spreidd hyttebygging med retningslinjer

| GNR/BNR          | STAD           | BYGD         | TAL<br>HYTTER | RETNINGSLINJE                                                |
|------------------|----------------|--------------|---------------|--------------------------------------------------------------|
| 17/2             | Jiskelid       | Jøsneset     | 1             |                                                              |
| 50/2             | Jørmeland      | Hjelmeland   | 1             | Max storleik hytter 75 m <sup>2</sup> . Ikkje vegframføring. |
| 49/2             | Hetlandsvatnet | Hjelmeland   | 2             | Max storleik hytter 75 m <sup>2</sup> . Ikkje vegframføring. |
| 26/1             | Bjønndalsvatn  | Jøsenfjorden | 1             | Max storleik hytter 75 m <sup>2</sup> . Ikkje vegframføring. |
| 45/10            | Eikelida       | Vormedalen   | 2             |                                                              |
| 129/13,17        | Risåsknuten    | Årdal        | 1             |                                                              |
| 5/1,4            | Flådene        | Ombo         | 2             |                                                              |
| 37/3/8           | Liarstølsvatn  | Fundingsland | 1             |                                                              |
| 106/31           | Kaldavatnet    | Årdal        | 1             | Plassering jf fullmaktsvedtak                                |
| 108/20,21        | Kaldavatnet    | Årdal        | 2             | 2=alt frådelt.                                               |
| 71/2 og<br>65/17 | Vasstøl        | Årdal        | 2             | Max storleik hytter 75 m <sup>2</sup> .<br>Ikkje V/V/A       |

#### Retningslinjer

1. Det skal nyttast materiale som er tilpassa omgjevnadane og stadeigne trekk i byggjeskikken. Nye einskildtomter bør ikkje overstige 1 dekar.
2. Fritidsbustadene skal gis ei mest mogleg skjerma plassering i terrenget. Plassering av fritidsbustad på høgdedrag skal unngåast.

## 5.6. Område for bruk og vern av sjø og vassdrag

**Retningslinjer** (jf ”Strandsoneanalyse Hjelmeland” frå 2006)

**Dersom bygg skal plasserast i strandsona, bør ein ta omsyn til :**

1. Avstand frå strandlinja: Trekk bygget eit stykke unna, slik at eksisterande vegetasjon og eventuelle knattar og berg (terreng) blir mest synlig frå sjøen, og bygget kjem i bakgrunnen
2. Avskjermingstiltak som vollar eller vegetasjon: Dersom landskapet er opent, bør det vurderast om ein i det heile tatt skal bygge hytter her. Vel ein å bygge, bør bygga på en diskret måte bygge en ”naturlig” voll og/ eller plante til med vegetasjon (busker og trær) som naturleg veks i området.
3. Arkitektur og farge som glir inn i landskapet - terrengtilpassing  
Hytta skal ikkje oppfatast som et monument som rage i landskapet. Bygg i hellande terreng bør vurderast bygd i ulike nivå framfor å ha alt på eitt plan for å unngå høge grunnmurar
4. Ta vare på viktige silhuettar.  
Unngå bygging på åskammar, men legg de i dalseinkingar eller i åssida slik at åskammen framstår heil.
5. Eksponering frå sjø - innsyn.  
Ta omsyn til at eksponeringa er større i opent landskap enn i avskjermende viker og sund.
6. Betre å bygge i flatt en bratt terreng pga. meir eksponering i bratt enn flatt terreng, og større inngrep som fyllingar eller skjeringar.
7. Betre å bygge ut allereie eksisterande bebyggelse enn å bryte opp et samanhengjande naturområde.
8. Sjå utbygging i samanheng med eksisterande vegnett og tilgjengelegheit til sjøen (helling/bratt)

### 5.6.1. Ferdsel

Viser til plankart

### 5.6.2. Farleier

**Viktigaste ferdselsområde på sjø:** Ferjesambandet Hjelmeland – Nesvik – Ombo og Ølesundet.

**Bileier:** markert på plankartet. Bi-lei inn Årdalsfjorden går på sørsida av Langholmen jf nytt plankart.

**Retningslinjer**

Desse areala skal haldast opne for fri ferdsel for rutegående trafikk og transport.

I tillegg til trafikk- og farleier som er teikna inn på plankartet, vil omsynet til lyssektorar og sjømerke vere retningsgivande i forhold til vurdering av nye tiltak i sjøområda.

### 5.6.3. Småbåthamner

Framtidige småbåtanlegg er i plankartet lagt inn som ”andre typer bebyggelse” og går fram av tabell i kap 4.2.9 med krav om reguleringsplan for utbygging.

## 5.6.4. Fiske

### Oversikt fiskeområde i Hjelmeland

K/L=kaste-og låssettingsplass

S= sitjenot

G= gyteområde

| NR   | STAD                              | FJORD         | BRUK     | RETNINGSLINJE                                                              |
|------|-----------------------------------|---------------|----------|----------------------------------------------------------------------------|
| FO1  | Førrebotn<br>Segadal<br>Haugevika | Jøsenfjorden  | K/L og G | Båttrafikk til småbåthamna i Haugevika skal styrast unna K/L               |
| FO2  | Oksajuvet                         | Jøsenfjorden  | K/L      |                                                                            |
| FO3  | Indre Eiane                       | Jøsenfjorden  | K/L      | Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                           |
| FO4  | Tåskor                            | Jøsenfjorden  | K/L      |                                                                            |
| FO5  | Kjeura                            | Tøtlandsvik   | K/L      | Ved kaste-og låssetting skal ein ta omsyn til ankring til oppdrettsanlegg. |
| FO6  | Ullsvika                          | Jøsenfjorden  | K/L      |                                                                            |
| FO7  | Hagalidstranda                    | Jøsenfjorden  | K/Log S  |                                                                            |
| FO8  | Sæbølia                           | Jøsenfjorden  | K/L og S |                                                                            |
| FO9  | Ytre Bastliskjær                  | Jøsenfjorden  | K/L      | Ved kaste-og låssetting skal ein ta omsyn til ankring til oppdrettsanlegg. |
| FO10 | Sandvik                           | Erfjord       | K/L      |                                                                            |
| FO11 | Eiavågen                          | Erfjord       | K/L      |                                                                            |
| FO12 | Stampen                           | Erfjord       | K/L      |                                                                            |
| FO13 | Morkja                            | Erfjord       | K/L og S |                                                                            |
| FO14 | Ørevika                           | Erfjord       | K/L      |                                                                            |
| FO15 | Øygarden                          | Ombøfjorden   | K/L      |                                                                            |
| FO16 | Knutsvik                          | Ombøfjorden   | K/L      |                                                                            |
| FO17 | Buer                              | Ombo          | K/L      |                                                                            |
| FO18 | Sagberget                         | Ombo          | K/L og S |                                                                            |
| FO19 | Nordstø/Randa                     | Gardsund      | K/L      |                                                                            |
| FO20 | Breivik                           | Gardsund      | K/L      |                                                                            |
| FO21 | Øyehamn                           | Gardsund      | K/L      | Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                           |
| FO22 | Pundsnes sør                      | Hjelmeland    | K/L og S |                                                                            |
| FO23 | Vigavågen                         | Hjelmeland    | K/L      |                                                                            |
| FO24 | Dalevika                          | Fisterfjorden | K/L      |                                                                            |
| FO25 | Knarra-vågen                      | Fisterfjorden | K/L      |                                                                            |
| FO26 | Tønnevik                          | Fisterfjorden | K/L      |                                                                            |
| FO27 | Nessavika                         | Årdalsfjorden | K/L      | Båttrafikk til småbåthamna skal styrast unna K/L                           |
| FO28 | Steinsvika                        | Årdalsfjorden | K/L      |                                                                            |
| FO29 |                                   | Jøsenfjorden  |          | Trålefelt reke                                                             |
| FO30 |                                   | Ombøfjorden   |          | Oppvekstområde sei                                                         |
| FO31 |                                   | Garsund       |          | Trålefelt reke                                                             |
| FO32 | Moldfallet                        | Fisterfjorden |          | Gyte-og oppvekstområde torsk                                               |
| FO33 |                                   | Fisterfjorden |          | Trålefelt reke                                                             |

Hjelmeland kommune er eige hamnedistrikt. I konsesjonssøknader etter oppdrettslova og søknader etter plan - og bygningslova, vil ein difor òg vurdere tiltak etter hamne- og farvannslova.

#### Retningslinjer:

Det skal takast omsyn til tradisjonelt fiske innafor sjøområda i Hjelmeland, og det skal ikkje tillast tiltak som er til ulempe for fiskerinæringa innanfor området avsett til fiske.

### 5.6.5. Akvakultur

| Nr  | Lokalitet           | Fjord         | Art                      | Konsesjon | Status                                                                 |
|-----|---------------------|---------------|--------------------------|-----------|------------------------------------------------------------------------|
| A1  | Kjeura              | Jøsenfjorden  | Kveite                   | Ja        | Utviding av eksisterende anlegg                                        |
| A2  | Vindsvik            | Jøsenfjorden  | Laks                     | Ja        | Eksisterende+ utviding kombinert formål akvakultur/ferdsel i søraust   |
| A3  | Bastbergvika        | Jøsenfjorden  | -                        | Nei       | Framtidig                                                              |
| A5  | Ullsvika            | Jøsenfjorden  | Skjell                   | Ja        | Eksisterende – men ikkje etablert                                      |
| A4  | Bastlid             | Jøsenfjorden  | Laks                     | Ja        | Eksisterende + utviding kombinert formål akvakultur/ferdsel i sørvest  |
| A5  | Fosså               | Ombofjorden   | Laks                     | Ja        | Utviding av eksisterende anlegg                                        |
| A6  | Eiavågen            | Erfjorden     | -                        | Nei       | Framtidig                                                              |
| A7  | Kjeahola            | Ombofjorden   | Laks                     | Ja        | Eksisterende + utviding kombinert formål akvakultur/ferdsel i nordaust |
| A8  | Buarvika            | Ombofjorden   | Kvitfisk                 | Ja        | Eksisterende – men ikkje etablert                                      |
| A9  | Tjueneset           | Ombofjorden   | -                        | Nei       | Framtidig                                                              |
| A10 | Salthella/Saltskjer | Gardsundet    | Hummer                   | Ja        | Framtidig                                                              |
| A11 | Langavika           | Gardsundet    | Laks                     | Ja        | Eksisterende+ utviding kombinert formål akvakultur/ferdsel i sør       |
| A12 | Gravstøskjer        | Gardsundet    | Skjell                   | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A13 | Breivika            | Gardsundet    | Torsk                    | Ja        | Eksisterende – men ikkje etablert                                      |
| A14 | Klepsholmen         | Hjelmeland    | Kveite                   | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A15 | Hundsnes            | Hjelmeland    | Slakteri/<br>Ventemerdar | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A16 | Vassvik             | Hjelmeland    | Kveite                   | Ja        | Utviding av eksisterende                                               |
| A17 | Prestholmen         | Fisterfjorden | Skjell                   | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A18 | Grønevika           | Fisterfjorden | Skjell                   | Ja        | Framtidig                                                              |
| A19 | Kue                 | Fisterfjorden | Skjell                   | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A20 | Helgøy              | Fisterfjorden | Skjell                   | Ja        | Eksisterende – men ikkje etablert                                      |
| A21 | Nessa               | Årdalsfjorden | Skjell                   | Ja        | Eksisterende                                                           |
| A22 | Liarneset           | Årdalsfjorden | -                        | Nei       | Framtidig                                                              |
| A23 | Tysdalsvatnet       | Årdal         | Laks                     | Nei       | Framtidig, sjå retningslinje nedanfor                                  |

#### Retningslinjer

I oversikten overfor samt på plankartet går det fram kor det er rom for utviding og eventuell ny etablering av oppdrettsanlegg. Kommunal behandling av konsesjonssaker jf oppdrettslova skal skje med grunnlag i kommuneplanens arealdel og skal vurderast etter hamne- og farvannslova.

Ved etablering av oppdrettsanlegg skal det vektleggast å få til ei estetisk bra utforming. I anlegg for skjell skal blåsene gjevast ei mest mulig einsarta utforming som er godt synleg for dei sjøfarande.

Oppdrettsanlegg innanfor område avsett til framtidig akvakultur bør generelt etablerast slik at det er mogleg med fri ferdsel med småbåt langsmed land. Avstand frå land skal vurderast i den enkelte sak.

**A2, A4, A7 og A11:** for desse utvidingsområda som er avsett som kombinerte formål akvakultur/ferdsel er det ikkje tillate med overflateanlegg på heile arealet, men omfang/plassering skal vurderast konkret i forhold anna ferdsel og merkesystem.

**A23 Tysdalsvatnet:** Arealet skal berre brukast til smoltifisering av settefisk for Årdalselva. Ev bruk krev særskild løyve frå kommunen samt Mattilsynet og Fylkesmannen etter forureiningslova og lov om laksefisk og innlandsfiske.

### 5.6.6. Drikkevatn

|      |                                         |            |
|------|-----------------------------------------|------------|
| BO11 | Valavatn, Borkjaheia                    | Drikkevatn |
| BO12 | Litlavatn, Fister                       | Drikkevatn |
| BO13 | Regnarvatnet, i grenseområde med Strand | Drikkevatn |

### 5.6.7. Natur- og friluftsområde i sjø/vassdrag

**§ 30** Langs vatn og større vassdrag som har betydning for natur-, kulturmiljø- og friluftsinteresser er det ei sone med på 50 meter med forbod mot byggjetiltak og vesentlege terrenginngrep.

#### Retningslinje

Våtmarksareal langs vassdrag bør ikkje drenerast eller fyllast opp. Vassdragsnære område bør ikkje avdekkast eller overflatebehandlast, slik at det medfører fare for erosjon eller avrenning av overflatevatn direkte til vassdraget.

## 5.7. Omsynssoner

### 5.7.1. Sikring og faresoner

**Omsynssone flaum:** Flaumsonekart Årdal er lagt inn i plankartet som omsynssone fare.

#### § 31 Omsynssone flaum

Aktuelle flaumhøgdar for Årdalsvassdraget framgår av NVE sitt flaumsonekart, og 200-årsflaumen er vist som omsynssone i plankartet. Det tillatast ikkje etablering av nye bygg i dette området med mindre det blir utført tiltak som sikrar bygga mot flaum i samsvar med krava i byggteknisk forskrift § 7-2

#### § 32 Omsynssone ras/skred:

Risikoutsette område for ras i tilknytning til byggeområde/spreidd bustad er lagt inn i plankartet som omsynssone ras. I område som er utsett for skred jf omsynssonekartet er det krav om fagkundig utgreiing av skredfaren i samband med utarbeiding av reguleringsplanar og ved søknad om byggje- og anleggstiltak. Det er forbod mot utbygging i omsynssonene før det er dokumentert tilstrekkeleg tryggleik for skred. Byggteknisk forskrift § 7-3 skal leggjast til grunn for tryggleiksnivå

## 5.7.2. Framtidig infrastruktur

### Riksveg 13

Framtidige RV13-strekningar som kommunen vil arbeide for i planperioden blir lagt inn som omsynssone infrastruktur. Dette gjeld følgjande strekningar:

#### Framtidige RV13 – strekningar som omsynssone infrastruktur

|                                  |                                                           |
|----------------------------------|-----------------------------------------------------------|
| Skreppeneset – Svadberg/Årdal    | Tunnel med startpunkt i Strand kommune.                   |
| Svadberg – Riskedalsvatnet       | Delvis langs eksisterande vegtrasè                        |
| Riskedal – Flathetland – Mjølhus | Dels tunnel, dels open trasè                              |
| Hjelmeland – Nesvik – Ombo       | Ferjefri fjordkryssing ”Jøsenfast” dvs undersjøisk tunnel |
| Ytre Eiane – Kilane              | Tunnel med endepunkt i Suldal kommune                     |

§ 33 Alle strekningane skal inngå i ein overordna, heilskapleg kommunedelplan . Der traseane går i opent terreng skal omsynet til landskap, kulturminne, busetnad og landbruksdrift vurderast nøye i planprosessen

### Fylkesvegar

#### Framtidige strekningstiltak med retningslinjer

| STREKNINGAR     | TILTAK                                                                                    | RETNINGSLINJE                                                                                                             |
|-----------------|-------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Kåda, Randøy    | Omlagging av FV 650 grunna auka trafikk i samband med sambindingsveg og auka hyttebygging | Av trafikktryggleikomsyn bør traseen leggjast utanom eksisterande tun                                                     |
| Nessa           | Mindre omlagging av fylkesvegen.                                                          | Trasèval skal avklarast i reguleringsplanprosessen. Av trafikktryggleikomsyn bør traseen leggjast utanom eksisterande tun |
| Mosnes – Helgøy | Inkludert bru/fastlandssamband for Helgøy                                                 | Under regulering 2010                                                                                                     |

### Kommunal veg

| STREKNINGAR                | TILTAK       | RETNINGSLINJE                                                                                                                                                                                    |
|----------------------------|--------------|--------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|
| Årdal skule – Årdal Kyrkje | Ny internveg | Før ev tiltak i grunnen skal det gjennomførast ei § 9 registrering jf Kulturminnelova. Det er òg krav til nærare utgreiingar ift behov fo barnehage/skule samt vurdering av alternative trasèar. |

### 5.7.3. Natur, friluftsliv, grøntstruktur

#### Natur

Naturtypar i Naturbasen som er i kategori svært/nasjonalt:

| NR  | OMRÅDE                                                 | NATURTYPE                        | AREAL           |
|-----|--------------------------------------------------------|----------------------------------|-----------------|
| N1  | Askvika, Hjelmeland (BN00008795)                       | Rik edellauvskog                 | 65,3 daa        |
| N2  | Askvika, Hjelmeland (BN00044995)                       | Artsrik veikant                  | 0,6 daa         |
| N3  | Moldfallet, Fister (BN00008830)                        | Artsrik veikant                  | 75,1 daa        |
| N4  | Fundingsland, Vormedalen (BN00044564)                  | Slåttemark, solblom              | 14,9 daa        |
| N5  | Førre, Jøsenfjorden (BN00008815)                       | Sørvendte berg og rasmarker      | 441,8 daa       |
| N6  | Hausken, Hjelmeland (BN00044996)                       | Nordvendte kystberg og blokkmark | 1,1 daa         |
| N7  | Hjelmen, Hjelmeland to lokaliteter (BN00008789)        | Andre viktige forekomster        | 387 daa         |
| N8  | Hustølåna vest, Hjelmeland (BN00008825)                | Viktig bekkedrag                 | 17,7 daa        |
| N9  | Hustølåna aust, Hjelmeland (BN00008814)                | Viktig bekkedrag                 | 40,4 daa        |
| N10 | Åsland, Jøsneset (BN00008823)                          | Naturbeitemark                   | 14,7 daa        |
| N11 | Ramslia, Jøsenfjorden (BN00044568)                     | Høstingsskog                     | 429,5 daa       |
| N12 | Ytre Eiane, Jøsenfjorden (BN00044541)                  | Naturbeitemark                   | punkt el. linje |
| N13 | Ytre Eiane, Jøsenfjorden (BN00044542)                  | Småbiotoper                      | punkt el. linje |
